

# RAPPORT

## Bustadanalyse Vindafjord

---

OPPDAGSGJEVAR

Vindafjord kommune

EMNE

Bustadanalyse, rapport

DATO / REVISJON: 9. mars 2020 / 03

DOKUMENTKODE: 10204187-PLAN-RAPPORT

---



**Multiconsult**

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utlede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

## RAPPORT

OPPDRA�	<b>Bustadanalyse Vindafjord</b>	DOKUMENTKODE	10204187-PLAN-RAPPORT
EMNE	Bustadanalyse	TILGJENGE	Åpen
OPPDRA�SGJEVAR	<b>Vindafjord kommune</b>	OPPDRA�SLEIAR	Svein Andersland
KONTAKTPERSON	Erle Mæland Aasheim	UTARBEIDD AV	Øyvind Skaar, Svein Andersland, Sarah Fagertun Eggereide, Hilde Blokkum
		ANSVARLEG EINING	10233052 Akva og plan, avd Stord

## SAMANDRAG

I samband med rulleringa av kommuneplanen, vil Vindafjord kommune ha utarbeidd ein bustadanalyse med fokus på framtidig bustadbehov, samt ein sentrumsanalyse i Skjold. Innleiingsvis har ein sett på tilgjengeleg statistikk om bustadtypar, hushald og befolkningssamansettning, samt framskrivingar av folketal fram mot 2040. Statistikken viser ein trend som tilseier at det vert fleire einpersonsfamiliar og par utan barn, noko som tilseier at det i framtida vil vera behov for fleire mindre bueiningar. Samstundes er det teikn på at det vert stadig fleire eldre.

På bygdenivå varierer alderssamansettinga og familietypar frå bygd til bygd. Det same gjer bustadtypane, og tilgjengeleg bustadareal i regulerings- og kommuneplan. Det har i stor grad vore bygd einebustader dei siste åra, med unntak av i dei største bygdene som Skjold og Ølen, der ein har bygd nokre fleirmannsbustader. Generelt kan det sjå ut som om bygdene med høgast utbygging dei siste åra og er dei stadane der eksisterande planar ikkje vil dekka bustadbehovet fram mot 2040. Samstundes må det påpeikast at kommunen ønskjer å styrka dei minste bygdene, og at tilgjengeleg areal på papiret ikkje nødvendigvis viser eit realistisk biletet når det gjeld attraktivt bustadareal. Attraktivitet er i mindre grad vurdert i denne analysen, men det er gjennomført ei spørjeundersøking for å få tak på kva kvalitetar ein ser etter når ein vel bustad i Vindafjord. Denne kan nyttast i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

I sentrumsanalysen av Skjold, har ein sett på den historiske utviklinga av bygdesenteret med omsyn til bustader og næring, og deretter vurdert dagens og framtidig situasjon. Bygda veks raskt, mellom anna på grunn av nærleik til Haugesund, men E134 fungerer på mange måtar som ein barriere for lokaltrafikken og sentrumsutviklinga. Basert på dei stadeigne kvalitetane i tettstaden og det historiske sentrumsområdet, har ein tilrådd at området langs Skjoldavikvegen vert nytta som sentrumsområde, og at det vert lagd til rette for ny veg mellom aust og vest i tettstaden på nordsida av E134. På denne måten kan Skjoldavikvegen få ei utforming som fremjar gåande og syklande, og som gjer det attraktivt å etablera næring og bustader her. Meir plasskrevjande næring bør etablerast ein annan stad i bygda, helst i tilknyting til E134 aust for tettstadsområdet. Det vart og gjennomført ei spørjeundersøking i samband med sentrumsanalysen for Skjold, og resultata for denne stadfestar på mange måtar vurderingane gjort i sentrumsanalysen.

## INNHALDSLISTE

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1	Datagrunnlag .....	5
<b>2</b>	<b>Vindafjord kommune - Notid og framtid .....</b>	<b>6</b>
2.1	Folketalsutviklinga fram til no.....	6
2.2	Familietypar i kommunen .....	6
2.3	Familietypar på bygdenivå .....	7
2.4	Bustader.....	8
2.5	Framskrivning av folketal på kommunenivå .....	10
<b>3</b>	<b>Spørjeundersøking om bustader og bustadbehov .....</b>	<b>11</b>
3.1	Bustadtypar, bygder og lokalisering.....	11
3.2	Attraktivitet .....	12
3.3	Viktige funn – korleis kan ein tolke og bruke resultata av undersøkinga?.....	14
<b>4</b>	<b>Analysar på bygdenivå .....</b>	<b>14</b>
4.1	Folketalet i bygdene.....	14
4.2	Aldersfordeling på bygdenivå .....	15
4.3	Nye bustader 2015-2019 .....	16
4.3.1	Forventa vekst i bustader og tilgjengeleg bustadareal – gjeldande kommuneplan.....	18
4.4	Ledig bustadareal i gjeldande reguleringsplanar .....	19
4.5	Framskrivning av folketal på bygdenivå .....	20
4.6	Bygdene – framtidig bustadbehov.....	20
4.6.1	Skjold .....	22
4.6.2	Vikebygd .....	24
4.6.3	Bjoa .....	25
4.6.4	Ølensvåg .....	27
4.6.5	Ølen.....	29
4.6.6	Sandeid .....	32
4.6.7	Vikedal .....	34
4.6.8	Imsland .....	35
4.6.9	Vats .....	37
<b>5</b>	<b>Verkemiddel for bustadbygging i område utanfor senter- og tettstadstrukturen .....</b>	<b>40</b>
5.1	Nasjonale føringar for lokalisering av bustader og verkemiddel for spreidd busetnad .....	40
5.2	LNF – spreidde bustader .....	41
5.3	Husklynger .....	43
5.4	Dispensasjonar .....	45
5.5	Oppsummering av verkemiddel og kriterium .....	46
<b>6</b>	<b>Sentrumsanalyse Skjold .....</b>	<b>48</b>
6.1	Innleiing og avgrensning av analyseområde .....	48
6.2	Historisk utvikling og dagens situasjon .....	49
6.2.1	Utvikling av eksisterande sentrumsområde .....	49
6.2.2	Nærings- og handelsutvikling.....	52
6.2.3	Næringsstype og arealbruk.....	53
6.3	Bustader.....	54
6.4	Vegsystemet .....	56
6.5	Tilhøve til gjeldande kommuneplan.....	57
6.6	Framtidig utvikling .....	58
6.6.1	Kva er eit godt tettstadssenter?.....	58
6.7	Behov for nye nærings- og sentrumsområde i Skjold .....	59
6.8	Kva type næring og handel skal ein satsa på?.....	60
6.9	Konklusjon – lokalisering av tettstadssenter og næringsområde .....	60
6.10	Spørjeundersøking for Skjold .....	62
6.10.1	Om sentrum og sentrumsfunksjonar .....	62
6.10.2	Om kommunikasjon/transport i Skjold .....	66
6.10.3	Eigenart for bygda Skjold .....	69
6.10.4	Om næring i Skjold.....	70
6.10.5	Avsluttande kommentar for spørjeundersøkinga .....	71
<b>7</b>	<b>Kjelder .....</b>	<b>72</b>

## 1 Innleiing

Vindafjord kommune skal revidera kommuneplanen, og skal i samsvar med kommunen sin planstrategi utarbeida bustadanalyse for heile kommunen. Bustadanalysen er eitt av fleire bidrag i prosessen med å gjera kommunen attraktiv å bu i for alle aldersgrupper, samt å sikra rette bustadtomter i rette område. Eit attraktivt og variert bustadmiljø er viktig for dagens innbyggjarar, men og for potensielle tilflyttarar. Vindafjord kommune utgjer dei ni bygdene Skjold, Vikebygd, Bjoa, Ølensvåg, Ølen, Sandeid, Vikedal, Imsland og Vats, og rapporten analyserer og synleggjer sentrale parameter som bustadutbygging og folketalsutvikling for kvar av bygdene.

Inkludert i oppdraget er utarbeiding av sentrumsanalyse for bygda Skjold. Dette har bakgrunn i arbeidet med gjeldande kommuneplan, der det kom fram at det særleg var vanskeleg å få til ei god tettstadutvikling i Skjold. Fokusområde her er lokalisering av sentrum og næringsetablering.

Rapporten tar først for seg statistikk og analyse på kommunenivå, for deretter å bryta delar av datagrunnlaget ned på bygdenivå. Eit tredje hovudkapittel diskuterer verkemiddel for bustadbygging utanfor senter og tettstadsstrukturen. Det siste hovudkapitlet inneheld ei sentrumsanalyse for bygda Skjold.

### 1.1 Datagrunnlag

Bustadanalysen byggjer i hovudsak på datagrunnlag frå SSB.no og Geodata Online. Det GIS-baserte datamaterialet frå Geodata Online byggjer på data frå ulike offentlege og private kjelder, som SSB, Vegdirektoratet, Kartverket, Ambita AS og Iper AS. Datagrunnlaget er i hovudsak oppdatert pr 31.12.16. Kjelder og nyare data er markert i teksten. Talmateriale på bygdenivå er basert på Geodata Online, og har difor ei tidsforseinking i forhold til andre SSB-data. Dette skuldast at det er ei tidsforskyving frå SSB sine ferdigprosesserte data til Geodata har fått prosessert dei leverte SSB-data i sine GIS-databasar. Geodata skildrar det slik i si rettleiing til datapakken for demografiske data:

«Data fra SSB baserer på tall fra «inneværende år minus to år». I praksis leverer SSB ferdigprosesserte tall til oss om høsten, basert på tall fra utgangen av foregående år. Når vi eksempelvis får tall fra SSB høsten 2017, er dette tall fra 31.12.2016. Geodata bearbeider og strukturerer leverte data, og publiserer oppdaterte tjenester. Tjenestene du konsumerer i 2018, inneholder med andre ord SSB-tall fra 31.12.2016.»

Demografiske data i denne analysen vart prosessert i 2018, og tilrettelagt av Multiconsult på bygdenivå. Sjølv om analysen ikkje presenterer det nyaste statistiske grunnlaget, er det likevel etter måten mindre endringar i folketalet på bygdenivå. Dette gjer at presenterte data likevel er vurdert å ha relevans for analysen.

Datasettet «Husholdninger» har data opprinneleg frå «Folke- og boligtellingen i 2011», og er i mellomåra framskreve basert på befolkningsendring frå utgang av siste kvartal i framskreve år. Endringar i demografisk profil, t.d. tilvekst av yngre befolkning som konsekvens av nye bustadfelt, vert ikkje fanga opp av ei slik framskriving.

## 2 Vindafjord kommune - Notid og framtid


Dette hovudkapitlet tar for seg folketalsutvikling, familietypar, bustader/bustadtyper og framskriving av folketal på kommunenivå.

### 2.1 Folketalsutviklinga fram til no

Vindafjord kommune hadde 8743 innbyggjarar per 1. januar 2019. Dei siste 10 åra har innbyggjartalet i kommunen auka med i overkant av 600 personar, eller 7,2 prosent auke. I Rogaland har folketalet auka med 11 prosent i same perioden, samanlikna med 9,4 prosent på landsbasis. Vindafjord ligg med andre ord under gjennomsnittet for Rogaland og på nasjonalt nivå.

Det er ei overvekt av menn busett i kommunen, med 52 prosent menn og 48 prosent kvinner i 2018, sjå Figur 1. Det relativt høge talet på menn kan skuldast arbeidsinnvandring av i hovudsak mannlege arbeidstakrar til dei større arbeidsplassane som Westcon og Fatland. Høg arbeidsinnvandring av menn vil gje seg utslag i prosentvis færre kvinner.

På landsbasis har 368 av 422 kommunar mannsoverskot, i følgje SSB<sup>1</sup>. Sett i forhold til sentrale og mindre sentrale kommunar, så aukar mannsoverskotet jo midre sentral ein kommune er. Utviklinga i kjønnsfordelinga i Vindafjord dei siste 10 åra syner ein hovudtendens med eit aukande mannsoverskot og eit tilsvarende kvinneunderskot. Relativt færre kvinner kan ha samanheng med mangel på kvinnedominerte arbeidsplassar. Ein konsekvens er difor at kommunen bør vurdere tiltak som kan auka buseting og tilbakeflytting av kvinner.



Figur 1. Befolkningsutvikling i Vindafjord fordelt på kjønn, prosent. Kjelde: SSB

### 2.2 Familietypar i kommunen

Familietypar kan vera ein indikator på kva for bustadtypar det trengs å byggjast framover. Ein markant vekst i familiar med små barn vil til dømes gje grunnlag for å byggja færre bueiningar som leiligheter.

Statistikken syner at det for einpersonfamiliar har vore ein auke på over 30 prosent dei siste 12 åra, sjå Tabell 1. Sameleis har familietypen *mor/far med store barn (yngste barn 6-17 år)* auka med nesten 60 prosent (låge tal samanlikna med andre kategoriar) i same periode, og familietypen *par*

<sup>1</sup> <https://www.ssb.no/befolkningsartikler-og-publikasjoner/fortsatt-flere-menn-enn-kvinner-i-norge>

*uten barn* har auka med over 40 prosent Gruppa *par med voksne barn (yngste barn 18 år og over)* er redusert med om lag 27 prosent i same periode.

År	2006	2008	2010	2012	2014	2016	2018
Einpersonfamilie	1112	1213	1203	1262	1365	1441	1456
Par med små barn (yngste barn 0-5 år)	411	392	395	406	416	427	428
Par med store barn (yngste barn 6-17 år)	472	484	485	488	487	468	456
Mor/Far med små barn (yngste barn 0-5 år)	51	49	57	76	77	59	49
Mor/Far med store barn (yngste barn 6-17 år)	77	90	98	115	131	133	123
Par utan barn	704	717	740	768	876	956	1001
Par med voksne barn (yngste barn 18 år og over)	302	278	286	284	252	230	219
Mor/far med voksne barn (yngste barn 18 år og over)	94	94	91	97	71	69	88
Andre familiær	0	0	0	0	0	0	0
Sum	3223	3317	3355	3496	3675	3783	3820

Tabell 1. Familietypar årleg endring frå 2006 til 2018, to-årige intervall. Kjelde: SSB

Tabell 2 nedanfor syner tala for 2006 og 2018 i forhold til total folkemengde for kvart år. Det har blitt fleire einpersonfamiliær (2,9 %) og par utan barn (2,7 %) dei siste 12 åra. Dette syner at bustadbehovet aukar i større grad enn folketalsauken åleine, i og med at det er færre personar per bustad enn før. Samla tal for familiær er 3223 i 2006, 3301 i 2009 og 3820 i 2018. Dei siste 10 åra har det med andre ord vore ein auke i familiær/hushaldningar på 13,6 prosent. Dette er ein vesentleg større auke samanlikna med folkeauken som utgjer 7,2 prosent i same periode. Ein større vekst i familiær/hushaldningar kan vera ein indikator på det reelle bustadbehovet i kommunen, og at det er eit aukande behov for mindre bueiningar. Dette vert og til ein viss grad stadfesta av resultata i spørjeundersøkinga, der blokk/leiligheter slår ut som ønska bustadalternativ, sjå kapittel 3.

Familietype	2006 % av folketal	2018 % av folketal	Endring prosent
Einpersonfamilie	13,7	16,6	2,9
Par med små barn (yngste barn 0-5 år)	5,1	4,9	-0,2
Par med store barn (yngste barn 6-17 år)	5,8	5,2	-0,6
Mor/Far med små barn (yngste barn 0-5 år)	0,6	0,6	-0,1
Mor/Far med store barn (yngste barn 6-17 år)	0,9	1,4	0,5
Par utan barn	8,7	11,4	2,7
Par med voksne barn (yngste barn 18 år og over)	3,7	2,5	-1,2
Mor/far med voksne barn (yngste barn 18 år og over)	1,2	1,0	-0,2
Andre familiær	0	0	0

Tabell 2. Familietypar i prosent av folketal Kjelde: SSB

### 2.3 Familietypar på bygdennivå

Tabell 3 nedanfor syner fordelinga av familietypar på dei ulike bygdene. I kategorien *einsleg utan barn* har Ølen flest med 25,4 prosent og Imsland færrest med 2,8 prosent. For *einsleg med barn* har Ølen flest 26,1 prosent, medan Bjoa er lågast med 2,4 prosent. For kategorien *einsleg* har og Ølen flest med 25,4 prosent og Imsland færrest med 2,9 prosent. For kategorien *par utan barn* har Ølen 18,1 prosent og Imsland lågast med 4,6 prosent. Vidare fordeler kategorien *par med barn* seg med Ølen høgast med 20,4 prosent og Imsland lågast med 3,0 prosent. For kategorien *par* har Ølen 19,1 prosent og Imsland 3,9 prosent. Kategorien *fleirfamilie* varierer frå 20,7 prosent i Ølen til 2,1 prosent i Bjoa.

Tabellen syner i hovudsak tendensane i skiljet mellom sentrale og perifere bygder.

Bygd	Einsleg u/barn	Einsleg m/barn	Einsleg	Par u/barn	Par m/barn	Par	Fleirfamilie
<b>Skjold</b>	15,7	21,8	16,6	17,0	17,9	17,3	11,0
<b>Vikebygd</b>	5,5	5,5	5,5	7,5	6,0	6,8	2,1
<b>Bjoa</b>	5,5	2,4	5,0	6,2	4,3	5,4	11,0
<b>Ølensvåg</b>	8,5	12,1	8,9	9,6	12,2	10,8	12,4
<b>Ølen</b>	25,4	26,1	25,4	18,1	20,4	19,1	20,7
<b>Sandeid</b>	15,0	9,7	14,3	12,9	11,5	12,3	16,6
<b>Vikedal</b>	8,1	10,3	8,3	9,1	9,7	9,3	6,2
<b>Imsland</b>	2,8	3,6	2,9	4,6	3,0	3,9	2,8
<b>Vats</b>	13,7	8,5	13,1	15,1	15,0	15,0	17,2
<b>Sum</b>	100	100	100	100	100	100	100

Tabell 3. Familietypar fordelt på bygder, vist i prosent. Tal fra 31.12.16. Kjelde: Geodata Online

Ved lesing av tabellen skal ein vera merksam på at det mellom bygdene er stor forskjell på folketalet, og at mindre endringar kan gjere seg større prosentvis utslag i bygder med lågt folketal.


## 2.4 Bustader

Dei aller fleste i Vindafjord kommune bur i einebustad, meir presist 94,6 prosent med utgangspunkt i folketeljinga i 2011, sjå Tabell 4. Om lag to prosent bur i tomannsbustad, medan resten fordeler seg på blokk, bufellesskap og rekkehus. Kategorien «annan bustad» er ikkje spesifisert, men det er grunn til å tru at denne inkluderer institusjonsplassar som alders- og sjukeheim samt bustadbrakker.

Bygder	Annan bustad	Blokk	Bu-fellesskap	Eine-bustad	Rekkehus	Tomanns-bustad	Totalt bustad
<b>Skjold</b>	19	0	0	1433	22	45	1519
<b>Vikebygd</b>	2	0	0	520	0	7	529
<b>Bjoa</b>	5	0	0	443	0	2	450
<b>Ølensvåg</b>	13	2	13	846	0	33	907
<b>Ølen</b>	60	10	36	1596	27	11	1740
<b>Sandeid</b>	25	0	2	1030	1	26	1084
<b>Vikedal</b>	2	0	4	752	0	21	779
<b>Imsland</b>	7	0	0	295	0	6	308
<b>Vats</b>	11	0	0	1255	12	19	1297
<b>Totalt</b>	144	12	55	8170	62	170	8613

Tabell 4. Personar i bustadtype fordelt på bygder. (Kjelde: Geodata Online/Folketeljinga 2011+framskriving)

Det kan vera interessant å sjå kor stor del av bustadmassen som er lokalisert i dei fem definerte tettstadene Ølen, Ølensvåg, Skjold, Sandeid og Vikedal, sjå kartet i Figur 2 nedanfor. Datamaterialet er henta frå Geodata Online, med noko anna kategorisering med omsyn på bustadtypar enn i Tabell 4.



Figur 2. Tettstader i Vindafjord kommune.

Om lag 23 prosent av alle bustadbygg fell innifaor tettstadområda. I forhold til bustadtyper er desse fordelt som følgjer (tal i parantes gjeld for heile kommunen): Innafaor tettstadområda er det 18 (29) «andre småhus med 3 bustader eller fleire», 3 (3) «bufellesskap», 1098 (2446) «einebustadar», 6 (133) «einebustader med hybel/sokkelleilighet», 16 (16) «kjede/atriumhus», 9 (14) rekkehus, 7 (7) «stort frittliggjande bustadbygg på 2 etasjar», 3 (3) «frittliggjande bustadbygg på 3 og 4 etasjar», 6 (16) «tomannsbustad horisontaldelt» og 71 (96) «tomannsbustader vertikaldelt». Tabell 5 nedanfor oppsummer talmaterialet.

Bustadtypar	Kommunen	I tettstader	Prosent i tettstader
<b>Småhus med 3 bustader eller fleire</b>	29	18	62,1
<b>Bufelleskap</b>	3	3	100,0
<b>Bustadbrakke</b>	22	3	13,6
<b>Einebustad</b>	2446	1098	44,9
<b>Einebustad m/hybel/sokkelleilighet</b>	133	6	4,5
<b>Kjede/atriumhus</b>	16	16	100,0
<b>Rekkehus</b>	14	9	64,3
<b>Stort frittliggjande bustadbygg med 2 etg</b>	7	7	100,0
<b>Stort frittliggjande bustadbygg med 3 og 4 etg</b>	3	3	100,0
<b>Tomannsbustad horisontaldelt</b>	16	6	37,5
<b>Tomannsbustad vertikaldelt</b>	96	71	74,0

Tabell 5. Bustadtypar i kommunen og i tettstader. Tal frå 2018. Kjelde: Geodata Online

Tabellen syner at om lag halvparten av einebustadene og 4,5 prosent av einebustader med hybel/sokkelleilighet er lokalisert i tettstader. Litt meir enn to-tredelar av tomannsbustad horisontaldelt er lokalisert utanfor tettstader, medan 71 prosent av tomannsbustad vertikaldelt er

lokalisert i tettstader. Tettstadene har med andre ord eit større innslag av mindre bueiningar, noko som samsvarer med bustadtyper generelt i tettbygde strok.

## 2.5 Framskriving av folketal på kommunenivå


Framskriving av folketalet kan indikera noko om kva for type bustader som bør prioriterast å etablera i åra framover. Ein auke av einpersonfamiliar og eldre vil til dømes gi grunnlag for større utbygging av mindre bustader som leiligheter. SSB sine folketalsframskrivingar legg til grunn ulike alternativ. Her er det valgt å bruke hovudalternativet MMMM<sup>[2]</sup>. Tabell 6 syner SSB sine framskrivingstal, ei framskriving som tilseier ein folkeauke på om lag 700 personar.

År	2020	2025	2030	2035	2040
Folketal	8764	8877	9035	9286	9481

Tabell 6. Folketalsframskriving for Vindafjord 2020-2040. (Kjelde SSB, hovudalternativet MMMM).

Som kommentert annan stad, vil det samla bu- og arealbehovet vera mindre i åra som kjem, jamfør ein større auke av einpersonbustader. Det kan til dømes vera grunnlag for å prioritere bustadutbygging basert på tomannsbustader heller enn einebustader. Samstundes syner spørjeundersøkinga (sjå kapittel 3) at einebustader er ei ønska bustadform for eit fleirtal av respondentane, anten dei er busette i kommunen per dags dato, eller ønskjer å flytta tilbake.

I framskrivinga er det valt å bruke SSB sine framskrivingar med middels vekst. Framskrivinga av folketal viser tydeleg at prosentandelen minkar i dei yngre aldersgruppene, og aukar særleg i gruppa 75 år og eldre, sjå Figur 3. I 2018 er delen av personar i kommunen som er 75 år og eldre åtte prosent, medan folketalsframskrivinga indikerer at denne delen vil vera 14 prosent i 2040. Framskrivinga gir ein tydeleg indikasjon på at Vindafjord har tendensar i retning høgare gjennomsnittalder for befolkninga.



Figur 3. Framskriving av folketal etter alternativ middels vekst, prosentvis fordeling. Kjelde: SSB


<sup>[2]</sup>SSB har ulike alternativ for framskriving av folketalet. Alternativa vert skildra ved fire bokstavar i følgjande rekkefølge: fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og innvandring. M = middels, L = låg og H = høg. MMMM er altså middels for alle kategoriane fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og innvandring.

### 3 Spørjeundersøking om bustader og bustadbehov

I februar og mars 2019 vart det i samband med utarbeidninga av bustadanalysen sendt ut ei spørjeundersøking via kommunen sine nettsider og sosiale mediar, med fokus på bustader, bustadbehov og attraktivitet. Totalt 622 personar svarte på undersøkinga, og resultata er interessante for kommunen når det gjeld vurderingar knytt til kor folk vil bu, og kva som er viktig for innbyggjarane ved val av bustad. Det må presiserast at talet på respondentar er for lågt til å gje statistisk valide resultat. Det er likevel eit demokratisk bidrag til tematikken og problemstillingane.

#### 3.1 Bustadtypar, bygder og lokalisering


Undersøkinga var open både for dei som bur i Vindafjord i dag, og for dei som ikkje gjer det. 89 prosent av dei som svarte bur i kommunen. Den største delen av svara kom frå innbyggjarar i Ølen (19%), og deretter Skjold (15,5%), Vikedal (13,8%), Sandeid (12,3%), Vats (10,6%), Ølensvåg og Vikebygd (8,1%), Imsland (7,4%) og Bjoa (4,7%). 90 prosent av respondentane bur i einebustad eller våningshus, medan 2,5 prosent bur i leilighetsbygg og berre 0,5 prosent i rekkehus. På spørsmål om kva bustad ein ville vald dersom ein skulle flytta internt i kommunen, svarte til saman 73,6 prosent at dei ville flytta til ein einebustad eller eit våningshus, medan 16,5 prosent svarte leilighet/blokk, sjå Figur 4.



Figur 4. Spørsmål 8: Om du skulle skifta bustad, kva for type bustad ville du velt?

-Tala viser altså at ein relativt stor del kanskje kunne tenkt seg å bytta einebustaden med ein leilighet. Ser ein på tala for kva bygd ein ønskjer å bu i, ser ein at 18 prosent vil bu i Ølen, med 16,4 prosent i Skjold som nummer to, og Bjoa nedst med 4,9 prosent, sjå Figur 5. Desse tala stemmer godt

overeins med storleiksforholdet mellom bygdene i dag.




Figur 5. Spørsmål 9: Kva for bygd i Vindafjord vil du aller helst bu i?

Spørsmålet om kor folk ønskjer å bu er interessant i forhold til kommunal planlegging og til dømes overordna planmål om fortetting. Vindafjord er ein distriktskommune utan eit større bysentrum, og ein hypotese kan difor vera at folk oppfattar meir landlege bustadområde som eit attraktivt trekk ved å busetje seg i Vindafjord. På spørsmålet «Ønskjer du å bu sentralt, eller meir landleg?», så ønskjer 44,4 prosent å bu i gangavstand til sentrum, 44,6 prosent vil bu landleg med einskildtomt og 8,7 prosent vil bu i sentrum. Sentrum er her definert i den einaste bygda, og ikkje kommunesenteret.

Dei 11 prosenta av respondentane som ikkje bur i kommunen, fekk spørsmål om dei har planar om å flytta til kommunen. Av desse svarte 62,6 prosent ja, og desse fekk vidare spørsmål om ønskt bustadtype, bygd og lokalisering av bustaden. Talet på respondentar er såpass lågt i denne gruppa at ein vanskeleg kan lita på tala ein fekk ut, men trenden er at dei fleste vil bu landleg i einebustad, og bygdefordelinga er omtrent som dagens folketal i dei ulike bygdene skulle tilseie.

### 3.2 Attraktivitet

Den siste delen av undersøkinga gjekk ut på kva som er viktig for innbyggjarane ved val av bustad, sjå Figur 6, samt eit ope spørsmål avslutningsvis om kva ein meiner skal til for å gjera kommunen meir attraktiv å bu i. Dei første spørsmåla vart lagt opp slik at ein svarte på ein skala frå 1-5, der 1=ikkje viktig og 5=svært viktig. Over 50 prosent meinte her at bustadtype og friluftsområde er svært viktig. På spørsmål om kor viktig nærleik til offentlege tenester, arbeidsplass og butikkar er, var svara noko jamnare fordelt, men likevel med størst vekt mot viktig og svært viktig. Spesielt nærleik til arbeidsplass kan sjå ut som ikkje er like viktig for ein stor del av respondentane som til dømes nærleik til friluftsområde, då heile 35 prosent svarte 3 på skalaen 1-5.



Figur 6. Spørsmål 17 A: Kva er viktig for deg ved val av bustad, med tanke på type og plassering?

På opent spørsmål om kva som er viktig ved val av bustad i tillegg til skalaspørsmåla over, kom det inn ei rekke interessante moment. Over 200 av respondentane svarte tekstleg på spørsmålet, og ein gjengangar i svara er tilgang på store tomter med moglegheit for skjerma uteområde, og utsikt om mogleg. I tillegg svarte ei rekke av respondentane at trygge gang- og sykkelvegar til sentrumsfunksjonar, og levande bygdesentrums, var særstakt viktig. Ordskyen i Figur 7 syner kva for ord i det ope svaralternativet som er mest brukta. Her kan ein leggja merke til «tomter», «byggjefelt», «utsikt» og «enebolig».



*Figur 7. Ordsky for ope spørsmål om attraktivitet.*

På spørsmål om korleis ein kan gjere kommunen meir attraktiv å bu i, kom det inn over 300 innspel. Variasjonen i innspela er stor, men fleire peikar på betre vegar og kollektivdekning, aktivitetstilbod og butikkar i alle bygdene, samt tilgjengelege tomter som ein enkelt kan byggja på i alle bygder. Spesielt gang- og sykkelvegar går att i mange av innspela, i dei fleste bygdene. Ser ein dette i samanheng med at 44 prosent av respondentane vil bu i gangavstand til sentrum, kan det siå ut som om ein

mellomting mellom sentrum og landlege område bør vurderast som eit mogleg utviklingsområde. Vidare kom det fram frå mange at ein ikkje berre ønskjer tomter avsett i kommuneplanen, men tomtene må og leggjast til rette slik at ein på ein enkel måte kan få kjøpt og få gjennom søknadar om å bygga. Til dette kan kommenterast at kommuneplanen stiller krav om regulering av byggeområde, men at kan ta lang tid før utbyggjarinteresser går i gang med reguleringsplanar og vidare utbygging.

### 3.3 Viktige funn – korleis kan ein tolke og bruke resultata av undersøkinga?

For at resultatet av ei undersøking skal kunna generaliserast i særleg grad, er det viktig med tilstrekkeleg med respondentar. Talet på svar i denne undersøkinga er høgt, men ikkje tilstrekkeleg til å kunna generalisera, spesielt på bygdenivå. Undersøkinga er difor heller nytta som grunnlag for diskusjonar om bustadbehov og bustadtypar, og som ein peikepinn på kva tiltak som kan vera aktuelle med omsyn til attraktivitet. I kapittel 4.6 er bustadbehovet diskutert på bygdenivå, og her er resultata frå undersøkinga trekt inn der det er relevant. Under følgjer ei enkel oversikt over hovudfunna i undersøkinga, som kan vera aktuelle å diskutera vidare.

Dei fleste bur i einebustad, men det kan sjå ut som ein del kunne tenkt seg å bu i ein annan type bustad. Berre 2,5 prosent svarte at dei bur i blokk/leilighetsbygg, medan 16,5 prosent kunne tenkt seg å bu i leilighet dersom dei skulle bytta bustad. Den same tendensen ligg i svara knytt til tomannsbustader og rekkehus, sjølv om forskjellen er noko lågare her. Det kan med bakgrunn i dette tenkast at det er behov for meir konsentrerte bustader i kommunen.

Det er jamn fordeling mellom dei som vil bu i gangavstand til sentrum (44,5 %) og dei som vil bu landleg med einskildtomt (44,7 %). Berre 8,7 prosent vil bu i sentrum. Det kan difor sjå ut som om det er behov for variasjon i lokaliseringa av bustader, og bustadområde i nærleiken av sentrum må leggjast til rette med gode gang- og sykkelvegar.


Rett bustadtype og nærleik til friluftsområde kan sjå ut som er viktigare ved val av bustad enn avstanden til offentlege tenester, eigen arbeidsplass og nærleik til butikkar. Spesielt nærleik til arbeidsplass kan det sjå ut som om folk ikkje er like oppteken av, og at folk difor er ville til å pendla. Det kan difor sjå ut som om ein bør vurdera å etablera bustadområde i område med kort avstand til friluftsområde, og god kollektivdekning til område med høg arbeidsplassettleik bør prioriterast.

## 4 Analysar på bygdenivå

I det vidare følgjer analysar av kvar bygd, med fokus på sentrale demografiske data, bustadtype, ledige tomter og bustadbygging i perioden 2015-2019. Målet er å identifisera særskilte utviklingstrekk for bygdene, til dømes om det er fellestrekks knytt til sentrale og meir perifere område/bygder i kommunen.


### 4.1 Folketalet i bygdene

Innbyggjartal fordelt på bygdene går fram av Figur 8 nedanfor. Ølen har høgast folketal (20,3 %), følgd av Skjold (17,4 %) og Vats (14,8 %). Dei tre minste bygdene er Vikebygd (6,2 %), Bjoa (5,3 %) og Imsland (3,6 %), som alle tre er lokalisert i geografisk utkant i forhold til bygder med definerte tettstader. Vats skil seg noko ut med å vera den tredje største bygda samstundes som bygda ikkje har ein definert tettstad. Her kan nærleik til meir sentrale kommunar på Haugalandet spele inn som faktor for busetjing. For dei andre bygdene er den prosentvise fordelinga av folkemengda som følgjer: Ølensvåg (10,6 %), Sandeid (12,6 %) og Vikedal (9,3 %).



Figur 8. Innbyggjartal bygder pr 31. desember 2016. Kjelde: Geodata Online

Temakartet i Figur 9 nedanfor gir eit inntrykk av befolkningskonsentrasjonen i kommunen.



Figur 9. Befolkingstal og –konsentrasjon på bygdenivå. Grid-cell 300x300m. Kjelde: Geodata Online

## 4.2 Aldersfordeling på bygdenivå


Ein hovudtendens er at bygdene med større avstand til tettstadene i kommunen har færre unge og fleire gamle innbyggjarar. Figur 10 syner aldersfordelinga på bygdenivå for utvalde aldersgrupper. Framstillinga er forenkla noko ved samanslåing av aldersgruppene i følgjande kategoriar: 0-18 år (barne- og skulealder), 19-34 år (utdannings- og etableringsfase), 35-64 år (hovudsakleg arbeidsaktiv fase) og 65+ år (fase for pensjonsalder).

Figuren syner at det for aldersgruppa 0-18 år er mindre variasjonar. Gjennomsnittet for alle bygder er 24 prosent for denne aldersgruppa, med bygdene Bjoa, Sandeid og Imsland like under dette snittet.

For aldersgruppa 19-34 år, der gjennomsnittet er 19,2 prosent, er variasjonen noko større. Bjoa og Vikebygd skil seg ut med respektive 14 og 15 prosent, medan Ølensvåg har størst del med 23 prosent.

Aldersgruppa 35-64 år har gjennomsnitt 38,4 år, der Skjold, Vikedal, Sandeid, Imsland og Vats ligg under gjennomsnittet, medan Vikebygd, Bjoa, Ølensvåg og Ølen ligg over. Her må ein vera merksam på at aldersspranget mellom 35 og 64 i denne kohorten aldersgruppa vert for stort for å fange opp ei meir nyansert fordeling av aldersgrupper.

Aldersgruppa 65 år og over har gjennomsnitt 18 prosent for alle bygder, med Imsland og Bjoa med respektive 26 og 24 prosent. Ølensvåg er lågast med 10 prosent. Talmaterialet stadfestar med andre ord at dei mindre sentrumsnære bygdene har flest prosentvis eldre.



Figur 10. Aldersfordeling på bygdenivå, pr 31.12.16. Kjelde: Geodata Online

### 4.3 Nye bustader 2015-2019

Datamaterialet frå Geodata Online gir oversikt over nybygg i utvalde periodar. Her er det valt å ta ut tal frå perioden 1. januar 2015 til 1. mars 2019 for ulike bustadtypar. Dette gir ein god indikator på aktivitetsnivået i dei ulike bygdene. Nedafor er ein kort gjennomgang av datamaterialet. I tillegg er tala inkludert i analysen av kvar bygd i kapittel 3.6.

Målt i forhold til nye einebustader per bygd har Ølensvåg og Ølen etablert meir enn 10 prosent fleire einebustader i perioden. Målt i forhold til kommunenivå, så har Skjold størst nybygging med 27,9 prosent, følgd av Ølen med 25,2 prosent, Ølensvåg med 12,6 prosent og Vats med 12,6 prosent. Dette speglar tal på nybygg som fordeler seg med 31 i Skjold, 28 i Ølen, 14 i Ølensvåg og 14 i Vats.

Bygder	Einebustad inkl hybel/sokkelleil.	Prosent nye pr bygd	Prosent nye kommune	Totalt einebustad	Prosent av kommunenivå
Skjold	31	7,3	27,9	427	16,5
Vikebygd	6	2,9	5,4	208	8,0
Bjoa	4	2,2	3,6	182	7,0
Ølensvåg	14	4,9	12,6	286	11,0
Ølen	28	5,5	25,2	512	19,8
Sandeid	7	2,3	6,3	299	11,5
Vikedal	5	1,9	4,5	263	10,2
Imsland	2	2,7	1,8	73	2,8
Vats	14	4,1	12,6	341	13,2
<b>Sum</b>	<b>111</b>		<b>100</b>	<b>2591</b>	<b>100</b>

Tabell 7. Nye einebustader i perioden 1. januar 2015-1. mars 2019. Kjelde: Geodata Online

Tabellen syner og totalt tal for prosentvis fordeling av einebustader med Skjold (16,5 %), Ølen (19,8 %) og Vats (13,2 %) som dei tre bygdene med flest einebustader.

For tomannsbustader syner Tabell 8 at det i Ølen er bygd 10 tomannsbustader horisontaldelt, samt eitt i respektive Sandeid og Imsland.

Bygder	Tomannsbustad horisontaldelt	Prosent nye pr bygd	Prosent nye kommune	Totalt	Prosent kommunenivå
Skjold	-	-	-	3	15,0
Vikebygd	-	-	-	2	10,0
Bjoa	-	-	-	-	0,0
Ølensvåg	-	-	-	1	5,0
Ølen	10	100,0	83,3	10	50,0
Sandeid	1	-	8,3	2	10,0
Vikedal	-	-	-	1	5,0
Imsland	1	-	8,3	-	0,0
Vats	-	-	-	1	5,0
<b>Sum</b>	<b>12</b>		<b>100,0</b>	<b>20</b>	<b>100,0</b>

Tabell 8. Nye tomannsbustader horisontaldelt i perioden 1. januar 2015-1. mars 2019. Kjelde: Geodata Online

For tomannshus vertikaldelt er det bygd sju i Skjold, tre i Vikebygd, to i Ølensvåg og fire i Ølen, sjå Tabell 9.

Bygder	Tomannsbustad vertikaldelt	Prosent nye pr bygd	Prosent nye kommune	Totalt	Prosent kommunenivå
Skjold	7	28,0	43,8	25	24,8
Vikebygd	3	100,0	18,8	3	3,0
Bjoa	-	-	-	2	2,0
Ølensvåg	2	11,1	12,5	18	17,8
Ølen	4	23,5	25,0	17	16,8
Sandeid	-	-	-	9	8,9
Vikedal	-	-	-	18	17,8
Imsland	-	-	-	1	1,0
Vats	-	-	-	8	7,9
<b>Sum</b>	<b>16</b>		<b>100</b>	<b>101</b>	<b>100</b>

Tabell 9. Nye tomannsbustader vertikaldelt i perioden 1. januar 2015-1. mars 2019. Kjelde: Geodata Online

Vindafjord har mange våningshus, medan det er bygd relativt få dei siste åra, sjå Tabell 10 nedanfor.

Bygder	Våningshus	Prosent nye pr bygd	Prosent nye kommune	Totalt våningshus	Prosent av kommunenivå
Skjold	1	0,7	16,7	139	14,0
Vikebygd	2	-	33,3	59	5,9
Bjoa	-	-	0,0	74	7,5
Ølensvåg	-	-	0,0	59	5,9
Ølen	1	1,2	16,7	85	8,6
Sandeid	1	-	16,7	165	16,6
Vikedal	-	-	0,0	105	10,6
Imsland	1	-	16,7	97	9,8
Vats	-	-	0,0	210	21,1
<b>Sum</b>	<b>6</b>		<b>100</b>	<b>993</b>	<b>100</b>

Tabell 10. Nye våningshus i perioden 1. januar 2015-14. mars 2019. Kjelde: Geodata Online

For andre bustadtypar er det færre nybygg, sjå oversikta i Tabell 11. Kategorien kjede/atriumhus har rett nok 14 nybygg, men totalt sett er det få av denne typen bustader i kommunen. Det er ikkje bygd nye rekkehus i perioden.

Bygder	Andre småhus m/3 bustader el fl	Kjede/atriumhus	Stort frittliggjande bustadbygg på 2 etg	Stort frittliggjande bustadbygg på 3-4 etg	Rekkehus
Skjold	2	5	-	-	-
Vikebygd	-	-	-	-	-
Bjoa	-	-	-	-	-
Ølensvåg	-	-	-	-	-
Ølen	-	2	-	-	-
Sandeid	-	6	1	1	-
Vikedal	-	-	-	-	-
Imsland	-	1	1	1	-
Vats	-	-	1	-	-
<b>Sum</b>	<b>2</b>	<b>14</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>0</b>

Tabell 11. Nye andre hus i perioden 1. januar 2015-14. mars 2019. Kjelde: Geodata Online

#### 4.3.1 Forventa vekst i bustader og tilgjengeleg bustadareal – gjeldande kommuneplan

Gjeldande kommuneplan skisserer forventa behov for nye bustader fram mot 2029, og tilgjengeleg bustadareal fordelt på bygder i kommunen.

I kommuneplanen for 2017-2029 gjennomførte Vindafjord kommune ein analyse av eksisterande bustadareal som er avsett i kommuneplanen, samt venta behov fram mot 2029 for kvar av bygdene. Venta behov tek utgangspunkt i folketilvekst på 1,6 prosent i Sandeid, Ølensvåg, Ølen, Vats og Skjold, og vekst på 1 prosent eller lågare i resten av bygdene. Ein tok og utgangspunkt i 30 prosent aleinebuande, 40 prosent par og 30 prosent i hushald med fire personar, og multipliserte arealbehovet med 1,5 for å få tilstrekkeleg tal med omsyn til infrastruktur i tillegg til tomteareal. Tabellen tek ikkje høgde for ulike krav til grad av utnytting. Den gongen kom ein fram til tala i Tabell 12, samt eit behov for 73 nye bustader i perioden 2017-2029.

Bygd	Venta behov fram mot 2029	Tilgjengeleg bustadareal
Ølen	288 da	285 da
Skjold	234 da	277 da
Ølensvåg	155 da	249 da
Vats	216 da	254 da
Vikedal	93 da	113 da
Sandeid	175 da	74 da
Imsland	31 da	62 da
Bjoa	52 da	77 da
Vikebygd	62 da	104 da

Tabell 12. Tabell frå eksisterande kommuneplan. (Kjelde: Vindafjord kommune)

#### 4.4 Ledig bustadareal i gjeldande reguleringsplanar

Det er i samband med vurderingane av framtidig bustadbehov teke ein gjennomgang av vedtekne reguleringsplanar som inneheld bustad- og sentrumsføremål, og samanlikna den utbygginga planane opnar for med matrikkelen for å sjå kva som er bygd og kva som framleis er tilgjengeleg. Arbeidet kombinerer gjennomgang av reguleringsplankart og føresegner. Tala ein kjem ut med for kvar bygd, seier noko om kor mange bueiningar som er regulert i reguleringsplanar, men som ikkje er utbygd. Det må påpeikast at gjennomgangen ikkje vert heilt nøyaktig, men målet er at den skal gi ein peikepinn på ledig bustadareal. Det må og påpeikast at samanlikninga med matrikkelen er gjort per 01.01.19. Av tabellen under ser ein at det spesielt i Skjold er mykje ferdigregulert bustadareal, medan det i Imsland potensielt er berre ei ledig tomt i gjeldande reguleringsplanar.

I gjennomgangen av kvar enkelt bygd i kapittel 4.6, er data presentert meir detaljert for kvar bygd, med utgangspunkt i kvar enkelt reguleringsplan, samt ei skildring av infrastruktur og status på eventuell utbygging.

Bygd	Småhus	Konsentrert småhus	Blokk/leilighet	TOTALT
Skjold	107	23	28	158
Vikebygd	53	4	0	57
Bjoa	22	0	0	22
Ølensvåg	67	14	0	81
Ølen	56	10	6	72
Sandeid	20	12	0	32
Vikedal	43	0	10	53
Imsland	1	0	0	1
Vats	46	12	4	62
<b>TOTALT</b>				<b>538</b>

Tabell 13. Ledige tomter i eksisterande reguleringsplanar per. 01.01.19. (Kjelde: Fonnakart -&gt; planarkiv)

#### 4.5 Framskriving av folketal på bygdenivå

I kapittel 2.5 vart SSB si framskriving av folketal i Vindafjord fram til 2040 på kommunenivå presentert. Tala tilseier at det i 2040 vil vera om lag 9 481 innbyggjarar i kommunen. For å kunne diskutere bustadbehov og folketalsutvikling på bygdenivå, burde ein hatt ei tilsvarende framskriving for dei einskilde bygdene. Slike framskrivingar er ikkje tilgjengelege, og ville samstundes ha vore særslig usikre på grunn av lågt folketal, noko som gjer at ei flytting gjer store utslag i statistikken. I arbeidet med bustadanlysen er det difor ikkje vurdert konkrete framskrivingar av folketal på bygdenivå.

Det er likevel teke utgangspunkt i forholdet mellom folketal i bygdene per 31.12.2016, og nytta dette talet som ein indikator på mogleg vekst med utgangspunkt i dei samla framskrivne tala for heile kommunen, sjå Figur 8. Folketalet i Vindafjord var per 31.12.16 på 8 828 personar. Basert på dette er den prosentvise fordelinga mellom bygdene summert opp i Tabell 14. Det er i utgangspunktet vanskeleg å nytta den prosentvise fordelinga mellom bygdene til å seie noko om korleis denne vert i 2040, mellom anna som følgje av trendar knytt til sentralisering og tilgjengeleg tomteareal i bygdene. Tala gir likevel ein viss peikepinn på kor den største delen av veksten kan koma til å skje.

Bygd	Prosentandel av befolkninga i kommunen
Ølen	20,3 %
Skjold	17,5 %
Vats	14,8 %
Sandeid	12,4 %
Ølensvåg	10,6 %
Vikedal	9,3 %
Vikebygd	6,2 %
Bjoa	5,3 %
Imsland	3,6 %

Tabell 14. Prosentvis fordeling pr. bygd av folketalet i kommunen, pr 31.12.2026. Kjelde: Geodata Online.

#### 4.6 Bygdene – framtidig bustadbehov

I tillegg til trendar knytt til sentralisering og jordvern, vil og tilhøve knytt til hushaldningstypar og alderssamansetning ha påverknad på folkevekst. I kapittel 2.3 vart familietypane i Vindafjord presentert på bygdenivå. Frå tabell 1 i kapittel 2.2 ser ein tendensar til ein trend som tilseier at det vert fleire einpersonfamiliar og par utan barn i kommunen, noko som er tilfelle på landsbasis. Dersom denne trenden held fram, og eventuelt vert forsterka, kan den føra til eit behov for andre typar bustader enn den tradisjonelle einebustaden som over 94 prosent av innbyggjarane i Vindafjord bur i per 2011. Denne effekten vil og kunna forsterkast tendensen av at det blir stadig fleire eldre i prosent av folketalet, gjeldande for både Vindafjord og resten av landet.

I gjeldande kommuneplan for 2017-2029 tok ein utgangspunkt i ein del aleinebuande på 30 prosent i arbeidet med framskriving av befolkninga, som eit generelt utgangspunkt. Statistikken i kapittel 2.3 viser at fordelinga i bygdene varierer, men ein ser og frå tabell 1 at allereie i 2018 er nesten 40 prosent av dei 3820 hushalda i kommunen einpersonfamiliar.

Dersom ein tek desse effektane ned på bygdenivå, ser ein til dømes at ein fjerdedel av dei einslege utan barn i kommunen bur i Ølen, medan prosentandelen av par med barn i den same bygda er nede på 20,4 prosent. Liknande tal finn ein og i Sandeid, medan det i Skjold og Ølensvåg bur prosentmessig fleire par med barn enn einslege, sett i høve til folketalet totalt i kommunen. Desse tala tilseier at fordelinga av familietypar internt i bygdene er relativt ulik.

Dette kan vidare knytast opp mot fordelinga i bustadtypar mellom bygdene, der dei mest sentrale områda som Ølen og Skjold, som og har størst del einslege, inneheld fleire fleirmannsbustader enn

dei mindre sentrale bygdene. Det må påpeikast at det er vanskeleg å konkludera med at det dermed vil vera eit mykje større behov for til dømes tomannsbustader, eller små leilighetsbygg i Skjold og Ølen enn i andre bygder, men basert på dei kvalitetane bygdene har og fordelinga mellom familietypane og plassbehovet deira, vil dette i teorien vera sannsynleg.

Dersom det over tid vert større behov for og etterspurnad etter fleirmannsbustader, vil plassbehovet knytt til kvar bueining gå ned, som følgje av meir konsentrert utbygging. Dette gjer at det er vanskeleg å seie noko konkret om arealbehovet knytt til framtidig bustadbehov i dei ulike bygdene. Det må og vidare påpeikast at sjølv om det er trendar som tyder på sentralisering og meir konsentrert busetnad, så er det nettopp einebustad med hage og avstand til naboar som for mange er eit trekkplaster i fleire av bygdene i Vindafjord. Det er soleis ikkje nærliggande å tenkja at det er aktuelt med leilighetsbygg i alle bygdene, i nærmaste framtid.

I den vidare gjennomgangen av kvar enkelt bygd, har ein teke utgangspunkt i hushaldningstypar, bustadtypar generelt og bustader bygd om lag siste fire siste åra, samt den prosentvise delen av det totale folketalet i kommunen, når framtidig bustadbehov er diskutert. Det er vanskeleg å gå konkret inn på arealbehov eller tal på bustader som er naudsynte, og det er difor diskutert meir overordna. Dette heng og saman med at det ikkje er grunnlag for å estimere folketalsframskriving på bygdenivå. Allereie regulerte bustadområde som ikkje er bygd ut, er og teke med i vurderingane. Målet med den vidare utgreiinga er å finna hovudtrekk ved den enkelte bygda, samt å forsøka å diskutera framtidig utvikling.

Tabellen under oppsummerer hovudtrekka i dei ulike bygdene. Kvar bygd er meir utdjupa i påfølgjande delavsnitt.

Bygder	Demografi og hushaldningar	Bustad og bustadtype (i dag)	Bustadbehov
<b>Skjold</b>	Ung folkesetnad. Attraktiv for nye innbyggjarar.	Einebustadar og større variasjon i type husver. Høg byggjeaktivitet.	Har nok tilgjengeleg areal, 158 ledige bueiningar (reg.planar)
<b>Vikebygd</b>	Høgare del av aldersgr 35-64 år. Høgare del par enn gj.snitt for kommunen.	Einebustader, i tillegg vertikaldelede tomannsbustader. Høg byggjeaktivitet.	Mykje ledig bustadareal, 57 ledige tomter.
<b>Bjoa</b>	Høg gjennomsnittsalder. Høgast prosent fleirfamiliar.	Hovudsakleg einebustader og våningshus. Relativt låg byggjeaktivitet.	Tilstrekkeleg bustadareal. Om lag 22 ledige tomter for småhus.
<b>Ølensvåg</b>	Høgast del under 34 år, lågast del over 65 år. Høg del av par.	Hovudsak bygd einebustader	81 ledige bustadeiningar
<b>Ølen</b>	Aldersfordeling på gj.snittet for kommunen. Lågare del par, høgare del einslege. Tal på einpersonfamiliar er høgare enn i resten av kommunen.	Bustadbygging (siste fire år) høgare enn folketalet skal tilseie.	Mykje ledig bustadareal. 56 ledige tomter for småhus, 10 ledige tomter for konsentrerte småhus, 6 bueiningar til blokk/leilighet. Ledig areal ikkje tilstrekkeleg.
<b>Sandeid</b>	Aldersfordeling på gj.snittet for kommunen, men ligg høgare i gruppa 19-34 år. Lågare del par, høgare einslege og einslege utan barn, i høve gj.snittet.	Bustadbygging under forventning. Mangel på bustadareal.	Om lag 30 ledige tomter. Utfordringar med geografisk lokalisering av nye bustadfelt.
<b>Vikedal</b>	Aldersfordeling på gj.snittet for kommunen, men likevel lågare i gruppe 35-64 år. Høgare del par, lågare del einslege.	Lite nybygging i seinare år. Flest tomannsbustader av bygdene.	Om lag 43 ledige tomter for småhus, 10 bueiningar for fleirmannsbustader. Ledig bustadareal vurdert som tilstrekkeleg i forhold til siste fire år, ikkje tilstrekkeleg i forhold til folketalsframskriving for kommunen.

<b>Imsland</b>	Lågast del born og unge. Høgst del av gruppe over 65 år. Høgaste del par, lågast del einslege. Låg del par utan pArn.	Låg byggjeaktivitet i bygda. Høge kostnader knytt til utbygging.	Ei ledig tomt for småhus. Vil vere behov for fleire tomter i høve folketsutviklinga.
<b>Vats</b>	Aldersfordeling og hushaldnings-typar på gjennomsnitt for kommunen.	Høgst del av våningshus i kommunen. Utbyggingstakt siste fire år som forventa.	Mykje ledig bustadareal, om lag 60 bueiningar, likevel ikkje tilstrekkeleg i høve folkevekst. Størst variasjon i lokalisering og bustadtype. Har flest vedtekne reg.planar som inneheld bustader.

Tabell 15. Oppsummering av ulike hovudtrekk i bygdene.

#### 4.6.1 Skjold

Skjold hadde 1540 innbyggjarar pr. 31.12.16. Med 17,4 prosent av folketalet i kommunen er Skjold den nest største bygda målt etter folketal. Samanlikna med dei andre bygdene, så har Skjold ein høg prosentdel av innbyggjarane i aldersgruppene 0-18 år og 19-34 år, altså ein ung folkesetnad. Desse to aldersgruppene utgjer til saman 48 prosent av folketalet, og det er berre Ølensvåg som har ein høgare del i desse to aldersgruppene (50 %).

Når det gjeld hushaldningar ligg Skjold om lag på gjennomsnittet for kommunen, med 38 prosent einslege og 59 prosent par.



Figur 11. Arealavgrensing for bygda Skjold.

Skjold har 427 einebustader, tilsvarande 16,5 prosent av alle einebustader i kommunen. 31 av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. Dette utgjer 7,3 prosent av einebustadane i Skjold og 27,9 prosent av alle nye einebustader i kommunen i same periode. Skjold er den einaste bygda i kommunen der det er ført opp rekkehus i perioden etter 2010, då det vart ført opp åtte slike i 2012. Det er dessutan ført opp sju nye tomannsbustader, to småhus med tre eller fleire bustader og fem

kjede-/atriumhus i bygda etter 2015. Dersom ein ser på utbyggingstakta, vert det bygd ein god del meir i Skjold enn det folketallet skulle tilseie. Bygda skil seg og ut i variasjonen av bustadtypar, både det som er bygd sidan 2015, men og totalt sett. Det kan tenkast at noko av forklaringa ligg i at Skjold er den bygda som ligg nærmest Haugesund, og at ein stor del av den unge befolkninga pendlar anten dit, eller til andre stader i kommunen.

Skjold har 158 ledige bueiningar som er regulert i eksisterande reguleringsplanar, sjå Tabell 16. Av desse er om lag 107 avsett til einebustader, 23 til konsentrerte småhus, 16 til firemannsbustader og 12 til lågblokk. Det må påpeikast at det i reguleringsplanen for Isvik Hageby 2 er opna for anten einebustader eller tomannsbustader, og talet knytt til desse om lag 30 bustadene kan soleis verta endra. I tillegg er det sett av noko ekstra areal i kommuneplanen, vest for Skjolddalid, og kombinert føremål mellom Isvik og Skjoldavika. Skjold er den bygda med flest tilgjengelege og ferdig regulerte bueiningar i kommunen, og utbyggingstakta dei siste åra tilseier at dette er naudsynlege areal. Bygda har i tillegg størst variasjon i regulert bustadareal, og avstanden til sentrumsfunksjonane i bygdesenteret er stort sett kort.

Skjold					Ledige tomter/ bustad- einingar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
PlanID	Namn	Status infra- struktur	Kommentar					
11600910	Longåsentunet	Eksisterande	Rett ved E134		0	0	0	Småhus. Ikke relevant
11600206	Isvik sentrum sør	Ikkje etablert	Gamlevegen og tilkomst til felta C, D og E er etablert, tilkomst til bustadfeltet A manglar.		20	0	20	ca. 10 småhus og 10 konsentrert småhus. Manglar etablering av veg B, C og D. Uklaart kvifor det ikkje er bygd ut.
11600721	Isvik Hageby IV, vest	Eksisterande	Infrastruktur er etablert.		0	0	0	Fult utbygd.
11600804	Isvik Hageby IV, øst	Eksisterande	Vegar og VA er etablert.		1	0	1	Småhus. Nesten alt er utbygd
11607112	Isvik Hageby 1	Eksisterande	Alt av vegar er utbygd.		1	0	1	Einebustad. Moglegvis 1 ledig tomt i sørvest
11607104	Isvik boligfelt	Eksisterande	Alt utbygd.		0	0	0	Fult utbygd.
11608207	Isvik Hageby 2	Eksisterande	I hovudsak utbygd, men ikkje til alle tomtene		46	0	46	16 4-mannsbustader, og resten av tomtene kan enten være einebustad eller tomannsbustad. Bygd ut nærmast tilkomstveg. Terregnmessige utfordringar, eller meir attraktive tomtar andre stader?
11601203	Vikaneset	Eksisterande	Alt av vegar er utbygd.		50	0	50	7 konsentrert småhus, 12 lågblokk, 31 småhus. Ny plan, og mykje er allereie under bygging. Infrastrukturen er på plass.
11600818	Skjolddalid II	Ikkje etablert	Ny tilkomstveg er ikkje på plass. Krav til ny overvassleidning og flaumsikring.		40	0	40	6 konsentrert småhus, 34 småhus. Manglar tilkomstveg, flaumsikring og overvassleidning.
11607507	Skjolddalid	Eksisterande	Alt utbygd.		0	0	0	Alt utbygd.
11608906	Isvik - Skjoldavik (sentrums- plan)	Eksisterande	Gammal plan som er delvis erstatta. Uklaart kva som er bygd ut.		Uklaart	0	Uklaart	Delvis erstatta av nye planar, og det er vanskeleg å finna ut kva som er ubygdt.

Tabell 16. Gjennomgang av reguleringsplanar i Skjold.

Det er altså høg byggeaktivitet i Skjold, og mykje tilgjengeleg bustadareal i regulerings- og kommuneplan. Dersom dagens trend held fram, kjem bygda til å vakse seg ein god del større i høve

til resten av kommunen enn det som er tilfellet i dag. I kva grad dette er reelt, er vanskeleg å seie noko om. Det kan likevel verka som om unge i etableringsfasen ønskjer seg til Skjold, og at avstanden til Haugesund kan verta ein viktig utviklingsfaktor i åra framover. Dersom ein tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, ser ein at dei nesten 160 ledige bustadeiningane som er regulert i dag bør vera tilstrekkeleg. Det kan likevel sjå ut til at bygda er blant dei mest attraktive for nye innbyggjarar å etablera seg i, og at presset på areala soleis vert større. Slik situasjonen er i dag, har ein teke høgde for ei slik utvikling, og fokuset i bygda bør vera på sentrums- og tettstadsutvikling snarare enn tilrettelegging for nye, store bustadområde. Dette er omtala i ein eigen sentrumsanalyse for Skjold i kapittel 6.

#### 4.6.2 Vikebygd

Vikebygd hadde 550 innbyggjarar per 31.12.2016. Dette utgjer 6 prosent av innbyggjartalet i kommunen. Vikebygd er, saman med Bjoa, den bygda som har høgst prosentdel av innbyggjarane i aldersgruppa 35-64 år (42 prosent av innbyggjarane), men har ikkje ein spesielt høg del i aldersgruppa over 65 år.

Når det gjeld hushaldningar har Vikebygd ein høgare del par (64 %) enn gjennomsnittet for kommunen (58 %), medan andelen einslege er tilsvarende noko lågare (35 %) enn gjennomsnittet for kommunen (38 %). Vikebygd har ein høgare del par utan barn enn gjennomsnittet for kommunen, medan andelen par med barn er tilsvarende lågare enn gjennomsnittet for kommunen.



Figur 12. Arealavgrensing for bygda Vikebygd.

Vikebygd har 208 einebustader, tilsvarende åtte prosent av alle einebustader i kommunen. Seks av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. I den same perioden vart det også bygd tre vertikaldelte tomannsbustader i bygda. Her skil Vikebygd seg noko ut i høve til resten av dei mindre bygdene i kommunen, då det berre er dei større bygdene Skjold, Ølensvåg og Ølen som elles har bygd tomannsbustader i same perioden. Med tanke på befolkningssamansettinga og lokaliseringa av

bygda, er det interessant at det vert bygd konsentrerte bustader. Det totale talet på nye bustader i perioden er høgare enn det bygda si storleik skulle tilseie. Dette indikerer at det har vore forholdsvis høg aktivitet i bygda dei siste åra.

Ein gjennomgang av eksisterande reguleringsplanar viser at det er om lag 57 ledige tomter for i hovudsak småhus i bygda. Desse er fordelt på Trovåg bustadfelt, Trovåg nord, Lio-feltet og del av Viikevik/Vikebygd, sjå Tabell 17. Fleire av byggefelta er delvis utbygd, eller under bygging. For Trovåg nord-planen er dette feltet ferdigstilt med omsyn på infrastruktur og nokre tomter er bygd på. Dei regulerte areala tilseier at det er først og fremst einebustader som kan byggjast i bygda, men i Viikevik er det opna for nokre konsentrerte småhus, og det er nettopp her det er bygd tomannsbustader dei siste fire åra. Det er og opna for noko meir konsentrert i Trovåg nord.

Vikebygd							
PlanID	Namn	Status infrastruktur	Kommentar	Ledige tomter/bustad-einingar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
116020032301	Trovåg bustadfelt	Eksisterande	Veg og VA er etablert.	3	0	3	Nesten heile feltet er utbygd, og resterande tomter er klare for bygging. Småhus
11600903	Trovåg nord	Eksisterande	Veg og VA er etablert.	21	0	21	Infrastruktur i nabofeltet er bygd ut, men ingenting i dette feltet er bygd. I hovudsak småhus, men noko konsentrerte småhus.
11600907	Trovåg mølle	Eksisterande	Veg og VA er etablert.	0	0	0	Inneheld berre to bustadtomter, som begge er utbygd. Einebustad.
11602000114	Lio-feltet i Viikevik	Eksisterande	Veg og VA til området er etablert. Fleire interne vegar ikkje etablert.	26	0	26	Mykje er bygd ut, men mykjer er og ledig. I hovudsak småhus.
11609901	Del av Viikevik	Eksisterande	Veg og VA er etablert.	7	0	7	Veg og VA utbygd, og mesteparten av tomtene. Noko uklart kor mange tomter som er ledig. Småhus.

Tabell 17. Gjennomgang av reguleringsplanar i Viikebygd.

Det er mykje ledig bustadareal i Viikevik, både i gjeldande reguleringsplanar og i gjeldande kommuneplan. I kva grad bygda kjem til å veksa fram til 2040 har ein ikkje tal på, men dersom byggetakta frå dei tre siste åra held fram, vil bygda potensielt veksa seg større i høve til folketalet generelt i kommunen. Dersom ein tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, ser ein at dei nesten 60 ledige tomtene som er regulert i dag bør vera tilstrekkelege. Det ledige bustadarealet i bygda er i dag fordelt mellom Trovåg-området sør i bygda og Viikevik, som er bygdesentrums. I sentrum har ein mellom anna butikk, og framtidig utvikling bør i størst mogleg grad leggjast opp til i gang- og sykkelavstand til bygdesentrums.

#### 4.6.3 Bjoa

Bjoa hadde 469 innbyggjarar per dato 31.12.2016. Dette utgjorde på det tidspunktet 5,3 prosent av det totale folketalet i kommunen. Innbyggjarane i Bjoa har ein høg gjennomsnittsalder samanlikna med dei andre bygdene i kommunen, og heile 66 prosent av innbyggjarane er over 35 år. 24 prosent av innbyggjarane i bygda er over 65 år.

Når det gjeld hushaldningar har Bjoa om lag den same andelen par (57 %) som gjennomsnittet for kommunen (58 %), medan andelen einslege er noko lågare (35 %) enn gjennomsnittet for kommunen (38 %). Bjoa er den bygda som har høgst prosentdel fleirfamiliar (definert som hushaldningar med fosterbarn) (8 %, mot gjennomsnittleg 4 % for kommunen).



Figur 13. Arealavgrensing for bygda Bjoa.

Bjoa har totalt 182 einebustader, tilsvarande 7 prosent av alle einebustader i kommunen. Fire av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. Dette utgjer 2,2 prosent av nye einebustader i Bjoa og berre 3,6 prosent av alle nye einebustader i kommunen i same periode. Dette tyder på at byggeaktiviteten i bygda er lågare enn innbyggjartalet skulle tilseie. Dette kan ha samanheng med at gjennomsnittsalderen er såpass høg, samt at det er ein høg del av innbyggjarane som ikkje lenger er i etableringsfasen. Basert på befolkningssamansettinga i bygda, er det nærliggjande å tenka at det er einebustader som er mest aktuelt å byggja ut. Dette ser ein og igjen dersom ein ser på alle bustadene i bygda, der det i tillegg er etablert ein firemannsbustad (horisontal- og vertikaldelt), ein tremannsbustad (vertikaldelt) og ein tomannsbustad. Resten av bueiningane er einebustader og våningshus.

Ein gjennomgang av eksisterande reguleringsplanar viser at det er om lag 22 ledige tomter for småhus i bygda, sjå Tabell 18. Desse er fordelt på Hjartåker og Apalvik bustadfelt. Gjeldande kommuneplan påpeikar at tomtene i Hjartåker byggjefelt ikkje har blitt selt på 33 år, noko som skulle indikera at desse ikkje er spesielt attraktive. Dette gjer at talet på ledige tomter må nyanserast noko. Det er elles kombinerte føremål på Utbjoa kai, Innbjøa kai og aust for Bjoa skule, som opnar for bygging av bustader.

Dersom ein tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, vil det vera tilstrekkeleg bustadareal i bygda. Dei ledige bustadareaala ligg innanfor 2 km frå kvarandre ved Bjoa kyrkje og Apalvika. Som nemnt kan det sjå ut som om dei ledige tomtene i Hjartåker bustadfelt ikkje

er spesielt attraktive, men ein bør uansett søkja å leggja eventuelt nye bustadområde i aksen mellom dei to avsette bustadfelta.

Bjoa							
PlanID	Namn	Status infrastruktur	Kommentar	Ledige tomter/ Bustad-einingar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
116020031401	Hjartåker Bustadfelt	Eksisterande	VA og veg etablert.	14	12	2	Småhus. Større bustadfelt med ledige tomter i bakkant.
116020031402	Reguleringsplan for del av rv 543 - Bjoa	Eksisterande	Ligg rett ved fylkesvegen.	0	0	0	Berre 1 bustadtomt, som allereie er utbygd.
116020032801	Apalvik bustadfelt	Eksisterande	VA og veg etablert.	8	0	8	Del av eit større bustadfelt, bestående av småhus.


Tabell 18. Gjennomgang av reguleringsplanar i Bjoa.

#### 4.6.4 Ølensvåg

Ølensvåg hadde 932 innbyggjarar per 26.12.2016, noko som utgjer 11 prosent av det totale folketalet i kommunen. Ølensvåg er den bygda som har høgast del av innbyggjarar under 34 år (50 %), og er den bygda som har lågast del innbyggjarar over 65 år (10 %).

Når det gjeld hushaldningar har Ølensvåg ein høgare del par (61 %) enn gjennomsnittet for kommunen (58 %), medan andelen einslege er lågare (34 %) enn gjennomsnittet for kommunen (38 %). Ølensvåg har ein lågare del einslege utan barn (28 %) enn gjennomsnittet for kommunen (34 %), og tilsvarande ein høgare del einslege med barn enn gjennomsnittet.

Ølensvåg har totalt 286 einebustader, tilsvarande 11 prosent av alle einebustader i kommunen. 14 av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. Dette utgjer 4,9 prosent av alle einebustader i Ølensvåg og 12,6 prosent av alle nye einebustader i kommunen i same periode. Det er i tillegg ført opp to tomannsbustader i bygda i perioden etter 01.01.2015. Utbyggingsfarten i bygda er omtrent som forventa med utgangspunkt i folketalet. Det interessante med Ølensvåg er at sjølv om ein stor del av befolkninga er under 34 år, vert det i hovudsak berre bygd einebustader. Dette kan ha samanheng med at andelen par er høgare enn snittet i kommunen, og ei forklaring kan vera at det er ein stor del unge i etableringsfasen i bygda som ønskjer einebustad i samband med familieauke. Med andre ord kan det sjå ut som om Ølensvåg vert ein mellomting mellom dei mindre tette bygdene i kommunen og Ølen, der ein kan få seg einebustad med hage utan å vera langt vekke frå kommunesenteret i Ølen.



Figur 14. Arealavgrensing for bygda Ølensvåg.

I eksisterande reguleringsplanar ligg det totalt 81 bustadeiningar som ikkje er bygd per 01.03.2019. Av desse er om lag 10-15 sett av til konsentrerte småhus, i form av rekkehus eller einebustad i kjede. Mange av bustadene i bygda er konsentrerte i den sørlege delen av tettstaden Ølensvåg, i Vågshagen-feltet. Her ligg det mykje relativt ny busetnad, og det er sett av store utvidingar av bustadfeltet mot sør. På nordsida av Ølsfjorden er det sett av eitt bustadfelt ved Berge og eitt på Lunde. Desse er delvis utbygd, men det er framleis mogleg å byggja om lag 26 bueiningar fordelt på dei to felta, i samsvar med reguleringsplanane. Det er elles sett av bustadareal i sentrumsføremålet i Ølensvåg sentrum, samt inst inne i Ølensvågen, på nordsida.

Det er mykje ledig bustadareal i Ølensvåg, spesielt i Vågshagen, sjå Tabell 19. I kva grad bygda kjem til å vakse fram til 2040 har ein ikkje tal på, men dersom byggetakta frå dei tre siste åra held fram, vil bygda potensielt veksa seg større i høve til folketalet generelt i kommunen. Det er vanskeleg å seie om dette kjem til å vera tilfellet, men sentral lokalisering kombinert med moglegheit for å byggja einebustad, tilseier at området kan verta meir attraktivt i åra framover. Dersom ein tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, ser ein at dei 80 ledige bustadeiningane som er regulert i dag bør vera tilstrekkeleg. Trenden med stadig fleire einpersonsfamiliar kan gjere bustadbehovet større, men samstundes ser ein at Ølensvåg ligg lågare enn snittet i kommunen når det gjeld einslege utan barn, medan ein ligg over snittet både for par og einslege med barn. Det er i tillegg mogleg å byggja andre typar bustader innanfor sentrumsføremålet i Ølensvåg.

Ølensvåg							
PlanID	Namn	Status infrastruktur	Kommentar	Ledige tomter/bustad-einingar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
11600306	Vaka hytter gnr.113 bnr.9, 10 og 14	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	1	0	1	Planen består i hovudsak av hyttetomter, og flesteparten er utbygd. Den ubebygde bustadtomta ligg med tilgang direkte frå eksisterande veg.
11600811	Detaljregulering for Lunde Øvre	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	16	0	16	12 ledige tomter for einebustad, og eit område sett av til konsentrerte småhus (einebustad i kjede, rekkehus). Teknisk infrastruktur er etablert.
116020041001	Bergshagen	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	10		10	Bustadfelt med frittliggende småhus. 17 av 27 tomter er bebrygd.
11601006	Detaljregulering for Vågshagen 4	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	6	0	6	Del av Vågshagen-feltet. Frittliggende småhus, der nokre tomter er ledig.
11600805	Vågshagen del 3	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	1	0	1	Ei ledig tomt, der det er opna for einebustad med garasje/uthus.
11602000113	Vågshagen bustadfelt	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	4	0	4	Større felt som er samla til ein plan. Frittliggende småhus med garasje.
11601210	Bustadområde Vågshagen 5	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	43	0	43	Oppning for anten frittliggende småhus eller tomannsbustad på kvar tomt. Konsentrerte bustader på nokre av felta (rekkehus, einebustad i kjede).

Tabell 19. Gjennomgang av reguleringsplanar i Ølensvåg.

Utbyggingsmønsteret ein legg opp til i gjeldande regulerings- og kommuneplanar med sentralisering tett på bygdesenteret i Ølensvåg, bør vidareførast ved eventuell utlegging av meir bustadareal enn det som ligg i dagens planar. Avstandane til bustadområda på nordsida av Ølsfjorden er samstundes så kort at ein ved å tilretteleggja for gåande og syklande langs Bjoavegen kan leggja ut fleire bustader i dette området. Det er i dag bygd gang- og sykkelveg ut til Kåta. Planlagd ny trasè for E134, samt tilkomstveg frå denne til Ølensvåg, avgrensar moglegheita for utviding av Vågshagen-feltet mot sør og vest, men ein bør uansett søka å finna sentrale bustadareal for framtida.

#### 4.6.5 Ølen

Ølen hadde 1795 innbyggjarar per 31.12.2016, noko som utgjer 20,3 prosent av innbyggjartalet i kommunen. Når det gjeld aldersfordeling ligg Ølen om lag på gjennomsnittet for kommunen, utan spesielt store utslag i nokon av aldersgruppene.

Når det gjeld hushaldningar har Ølen ein lågare del par (51 %) enn gjennomsnittet for kommunen (58 %), medan andelen einslege er høgare (45 %) enn gjennomsnittet (38 %). Andelen einslege utan barn er dessutan ein del høgare i Ølen (40 %) enn gjennomsnittet for kommunen (34 %). Samla sett ser det altså ut som om talet på einpersonsfamiliar er ein god del høgare enn i resten av kommunen. Dette er ofte tilfellet i kommune- og regionsenter, og kan knytast opp mot mindre arealbehov per bueining for einslege, samt ønskje om tilgang på tenester, handel- og servicefunksjonar.



Figur 15. Arealavgrensing for bygda Ølen.

Ølen har totalt 512 einebustader, tilsvarende 19,8 prosent av alle einebustader i kommunen. 28 av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. Dette utgjer 5,5 prosent av einebustadene i Ølen og 25,2 prosent av alle nye einebustader i kommunen i same periode. Det er i tillegg bygd 14 nye tomannsbustader i Ølen etter 2015. Bustadbygginga dei siste fire åra har vore høgare enn det folketalet i bygda skulle tilseie. Berre i Skjold er det bygd fleire einebustader, men til gjengjeld er det bygd fleire tomannsbustader i Ølen. Utbygging i kommunesenteret er i tråd med nasjonal arealpolitikk, og variasjon i bustadtypar med tilrettelegging for meir konsentrerte bustader er det same. Utbygginga dei siste åra kan tyde på at trendane knytt til sentralisering vert forsterka i kommunen, men det er vanskeleg å konkludera om dette er fordi det vert bygd ekstra mange bustader i Ølen, eller om desse vert bygd som følgje av stor etterspurnad.

I eksisterande reguleringsplanar ligg det ute 56 ledige tomter for småhus, 10 ledige tomter for konsentrerte småhus og seks bustadeiningar på areal avsett til blokk/leilighet i Ølen, sjå Tabell 20. I tillegg er det avsett areal i kommuneplanen for bustadbygging, mellom anna vest for kyrkja, og kombinert føremål i sentrum mot sjø. Dei regulerte bustadområda ligg tett på sentrumskjerna, med gang- og sykkelavstand til denne, og variasjonen i bustadtypar er stor. Ølen som kommunesenter skal kunne tilby ulike typar bustader, og spesielt mindre bustader er viktig som følgje av at bygda har ein stor del einslege innbyggjarar.

Ølen	PlanID	Namn	Status infrastruktur	Kommentar	Ledige tomter/bustadeiningar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
	11608701	Ølensjøen	Eksisterande	Alt av vegr og VA er utbygd	0	0	0	Alt utbygd
	11601501	Detaljregulering Bustadområde vest for kyrkjetunet i Ølen, del av gnr 291 bnr 5	Ikkje etablert	Intern køyreveg med snuhammar er ikkje etablert, men denne er ikkje særleg lang. Renovasjonsanlegg er ikkje etablert.	6	0	6	Mindre endring av reguleringsplan for Ølensjøen. Frittliggende småhus.
	116020040401	Reguleringsplan Dørheim	Eksisterande	Alt av vegr og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd.
	11602000105	Ørehagen bustadfelt	Eksisterande	Alt utanom ein vegbit til ubebygde tomter er utbygd	6	0	6	Større felt med frittliggende einebustader, der nokre tomter står ledig.
	1160220548	Osen - Roa med endring	Eksisterande	Manglar ein intern køyreveg, men mesteparten er utbygd.	26	0	26	Større bustadfelt som består av frittliggende småhus og konsentrerte småhus. Berre ledige einebustad-tomter.
	11601213	Detaljregulering for Roa 2	Eksisterande	Alt av vegr og VA er utbygd.	9	0	9	Frittliggende småhus. Nokre av tomtene ligg delvis på Vindafjord tomteselskap sin eigedom, og delvis på privat grunn.
	116020033901	Deler av Eide aust sentrums-område	Eksisterande	Alt av vegr og VA er utbygd, men eventuell fortetting krev framføring av mindre vegstrekke til nye bustader.	4	0	4	Blanding av frittliggende småhus og konsentrerte småhus. Fortetting i eksisterande bustadområde.
	11600716	Del av Eide austre osen	Eksisterande	Alt av vegr og VA er utbygd.	0	0	0	Alt utbygd.
	11600715	Ølen sentrum del 1	Eksisterande	Ligg like ved veg.	1	0	0	Berre ei tomt.
	11601216	Detaljregulering for gartneritomta i Ølen	Delar av dette er ferdig utbygd	Ligg like ved veg, men intern tilkomstveg og avfallshandtering er ikkje etablert.	16	0	16	Uklart kor mange bustadeiningar som kan byggjast. Konsentrert småhus (rekke/kjede) og blokkleiligheter. Tal på ledige tomter er cirkatal.
	11600914	Hauane	Eksisterande	Alt av vegr og VA er utbygd.	1	1	0	Mindre bustadfelt med frittliggende småhus. Bygga er ein del av tilbodet til personar med psykiske lidinger.
	116020032601	Ølen sentrum del 1	Eksisterande	Alt av vegr og VA er utbygd.	3	0	3	Frittliggende småhus og blanda føremål. Uklar avgrensing og omfang av planen, på grunn av manglende plankart på Fonnakart.
	11_60_1160-18-03	Heggja aust bustadområde	Ikkje utbygd	Tilførselsvegar er utbygd. Intern tilførselsveg er ikkje utbygd.	9		9	Nyleg vedteken plan 16.10.2019. Inneholder konsentrert småhus-busetnad (kjede el. rekke) og småhus (einebustad, einebustad med sekundærbustad eller tomannsbustad).

Tabell 20. Gjennomgang av reguleringsplanar i Ølen.

Samla sett er det mykje ledig bustadareal i Ølen, men samstundes har Ølen fleire regulerte bustader tilgjengeleg, sjølv om Ølen har høgast innbyggjartal og størst samla bustadbygging dei siste åra.

Bakgrunnen for dette kan tenkast å vera samansett, men avstanden til regionsenteret Haugesund


kan vera ein viktig faktor for kor folk ønskjer å busetja seg. Det er naturleg å tenkja at dersom sentraliseringa held fram, og kanskje og vert forsterka, så vil Ølen halde fram med å vekse meir enn dei fleste andre bygdene i kommunen. Med dagens takt vil bygda soleis vekse seg større i høve folketalet generelt i kommunen enn det som er tilfellet i dag.

Dersom ein tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, ser ein at dei om lag 70 ledige bustadeiningane som er regulert i dag i liten grad vil vera tilstrekkeleg. I utrekningane i gjeldande kommuneplan kan det sjå ut som om bustadbehovet er dekka med omsyn til dekar bustadareal, men sidan mykje framleis vert bygd som einebustader, er bustadområda i gjeldande planar truleg ikkje dekkande. Det bør difor leggjast opp til vidare utbygging av konsentrerte bustadtypar, i område tett på sentrumskjerna. Arealet vest for kyrkja kan passa til ei slik utbygging, men og fortetting i eksisterande sentrumsområde bør vurderast i tida framover.

#### 4.6.6 Sandeid

Sandeid hadde 1092 innbyggjarar per 31.12.2016, noko som utgjer 12,6 prosent av folketalet i kommunen. Når det gjeld aldersfordeling ligg Sandeid om lag på gjennomsnittet for kommunen, men med nokre fleire personar i aldersgruppa i 19-34 år enn snittet.

Når det gjeld hushaldningar har Sandeid ein lågare del par (53 %) enn gjennomsnittet for kommunen (58 %), medan andelen einslege er høgare (42 %) enn gjennomsnittet (38 %). Andelen einslege utan barn er dessutan ein del høgare i Sandeid (38 %) enn gjennomsnittet for kommunen (34 %).



Figur 16. Arealavgrensing for bygda Sandeid.

Sandeid har totalt 299 einebustader, tilsvarande 11,5 prosent av alle einebustader i kommunen. Sju av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. Dette utgjer 2,3 prosent av einebustadene i Sandeid og 6,3 prosent av alle nye einebustader i kommunen i same periode. Det er i tillegg bygd ein tomannsbustad og eitt våningshus mellom 2015 og 2019. Dersom ein samanliknar bustadbygginga

dei siste fire åra med folketallet i Sandeid i prosent av det totale i kommunen, ser ein at bustadbygginga har vore godt under det ein kunne forventa. Dette indikerer at det anten er liten etterspurnad i bygda, eller stor mangel på attraktive bustadtomter. Dersom ein tek utgangspunkt i utrekningane av tilgjengeleg bustadareal kontra bustadbehovet fram mot 2029 i gjeldande kommuneplan, ser ein at det mest sannsynleg er mangel på bustadareal som er utfordringa, jf Tabell 12.

I eksisterande reguleringsplanar ligg det ute 20 ledige tomter for småhus og 12 ledige tomter for konsentrert småhus i bygda, først og fremst i Balabrekka, sjå Tabell 21. Området ligg sentralt i bygda, ved kyrkja, daglegvarebutikk og teknisk avdeling i kommunen. Vidare aust i bygda er det nokre få ledige tomter i ulike eksisterande reguleringsplanar.

Sandeid							
PlanID	Namn	Status infrastruktur	Kommentar	Ledige tomter/ bustad- einingar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
1160202	Ilsvåg Fisk	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	To bustadtomter, og begge er bebygd med einebustader.
11600705	Ilsvåg	Ikkje etablert	Tilkomstveg og gangveg er ikkje etablert.	5	0	5	Bustader er ikkje bygd i tråd med planen. Opnar for frittliggjande einebustader.
11609804	Sandeid sentrum	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Eldre plan med einebustader. Delvis erstatta av andre planar.
11601154969 2	Bustadfelt på Skeie	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Eldre plan med einebustader.
11601303	Balabrekka	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	24	0	24	Blanding av frittliggjande småhus, konsentrert småhus og småhus i rekjer. Ledig 12 einebustadomter, og potensielt ca. 12 bustadeiningar i konsentrerte småhus.
11601154882 11	Del av Østbø (Sandeid sentrum)	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Blanding av konsentrerte småhus og einebustader.
11601703	Detaljreg. for gnr 13 bnr 225 m/fl. Østbø. Sandeid	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Bustad/forretning/kontor. Leiligheter.
11600713	Østbøvela, camillahuset	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Bustad/forretning/kontor. Leiligheter.
11608409	G/S-veg Østbøvela - Østbøfeltet	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	1	0	1	Fullt utbygd med einebustader, bortsett frå ei ledig tomt
11607903	Sandtippen - Grutånpbekken	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd med einebustader.
11607211	Østbøfeltet	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd med einebustader, og delvis erstatta av andre planar.
11608102	Østbøfeltet sør	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd med einebustader.
11609610 2	Østbøfeltet sør	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	2	0	2	Nesten fullt utbygd med einebustader, men eit par tomter er ledige. Veg må forlengast noko til desse tomtene.

Tabell 21. Gjennomgang av reguleringsplanar i Sandeid.

Dersom ein tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, ser ein at dei om lag 30 ledige tomtene som er regulert i dag i liten grad vil vera tilstrekkeleg. Det er ikkje berre mangel på regulert bustadareal generelt, men det manglar og valmoglegheitar knytt til lokalisering.

Balabrekka er lokalisert i tråd med overordna arealpolitikk, men kommunen har eit uttalt mål om variasjon og attraktivitet i bustader, og det kan tenkast dette er litt av grunnen til at bygginga dei siste fire åra er under snittet for resten av kommunen. Ein bør difor søka å leggja opp til nye bustadområde i sykkelavstand til sentrum, til dømes langs Sandeidvegen mot nordvest, eller langs Saudavegen mot sørvest.

#### 4.6.7 Vikedal

Vikedal hadde 824 innbyggjarar per 31.12.2016, noko som utgjer 9,3 prosent av folketalet i kommunen. Når det gjeld aldersfordeling ligg Vikedal om lag på gjennomsnittet for kommunen, men det er forholdsvis få personar i alderskategorien 35-64 år, samanlikna med dei andre bygdene.

Når det gjeld hushaldningar har Vikedal ein høgare andel par (61 %) enn gjennomsnittet for kommunen (58 %), medan andelen einslege er tilsvarande noko lågare (36 %) enn gjennomsnittet for kommunen (38 %).



Figur 17. Arealavgrensing for bygda Vikedal.

Vikedal har totalt 263 einebustader, tilsvarande 11,5 prosent av alle einebustader i kommunen. Fem av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. Dette utgjer 1,9 prosent av einebustadene i Vikedal og 4,5 prosent av alle nye einebustader i kommunen i same periode. Det vart elles ikkje bygd andre typar bustader i denne perioden. Det har altså ikkje vore ein spesielt høg aktivitet med tanke på nybygg i bygda dei siste åra, i høve til folketalet i bygda. Dette tilseier at det anten er mangel på attraktivt bustadareal i bygda, eller at etterspurnaden er mindre enn det folketalet skulle tilseie. Med utgangspunkt i utrekninga av framtidig arealbehov for bustader i gjeldande kommuneplan, ser det ikkje utan vidare ut til at det er stor mangel på ledig bustadareal i bygda. Soleis kan det tenkast at bustadarealet ein har ikkje er attraktivt, men med lågt folketal vert svingane over kortare periodar store.

I eksisterande reguleringsplanar ligg det ute 43 tomter for småhus, og det er opna for om lag 10 bueiningar i område avsett til fleirmannsbustadar, sjå Tabell 22. Vikedal er blant bygdene i kommunen med flest tomannsbustader, og ledig bustadareal i reguleringsplanane viser at det er opning for bygging av fleire slike i tida framover, i sentrumsområdet (Holmen).

Vikedal	PlanID	Namn	Status infrastruktur	Kommentar	Ledige tomter/bustad-einingar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
	11601308	Reguleringsplan for Vikedal sentrum, Båthamna - Kommunehuset	Eksisterande	Alt av vegrar og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd med einebustader.
	11600815	Barnehage/bygdehus/idrettsanlegg mm i Osen i Vikedal	Eksisterande	Alt av vegrar og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd med einebustader.
	11600911	Holmen	Ikkje etablert	Manglar ein del interne køyrevegar og ganvegar.	19	0	19	Delar av feltet er utbygd, medan resten manglar tilkomstveg og er i dag eit jorde. 9 ledige tomter for einebustad, og 3 areal for fleirmannsbustad med plass til +/- 10 bueiningar.
	11600279	Vikedal sentrum, Osen	Eksisterande	Alt av vegrar og VA er utbygd.	0	0	0	Plankart ikkje tilgjengeleg, så noko uklårt om det er ledig bustadareal. Regulert til blanda føremål med bustad, leiligheter.
	11609903	Vikedal sentrum aust	Eksisterande	Alt av vegrar og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd med einebustader.
	11600916	Søndenåfelta Sør	Ikkje etablert	Den sørlege delen manglar vegtilkomst, medan resten av vegnettet til hovudveg er etablert.	34	34	0	Del av eit større bustadfelt. Den sørlege og austlege delen er i stor grad ubebygd, og manglar tilkomstveg frå resten av feltet. Frittliggjande einebustader.

Tabell 22. Gjennomgang av reguleringsplanar i Vikedal.


Det er ein del ledig tomteareal i Vikedal, og dersom utbyggingstakta frå dei siste fire åra held fram, vil dette vera tilstrekkeleg fram mot 2040. Dersom ein derimot tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, ser ein at dei om lag 50 ledige tomtene som er regulert i dag i utgangspunktet ikkje er tilstrekkeleg. Ser ein på bustadareal som er avsett i gjeldande kommuneplan, finn ein eit stort område i Solbakken på rundt 100 daa, samt eit område med sentrumsføremål ved Fv. 46 i sentrum. Det er grunn til å tru at det må gjerast eit arbeid med detaljregulering på desse områda, men det bør ikkje vera ei hindring for framtidig utbygging. Bustadarealet som er avsett i bygda ligg sentralt, samstundes som ein har moglegheit for variasjon i bustadtype. Samla sett er det difor tilstrekkeleg bustadareal i bygda fram mot 2040, så framt ein detaljregulerer områda ved sentrum som er avsett i kommuneplanen.

#### 4.6.8 Imsland

Imsland hadde 317 innbyggjarar per 31.12.2016, noko som utgjer 3,6 prosent av folketalet i kommunen. Imsland er dermed den minste bygda i kommunen når det kjem til folketal. Bygda har,

saman med Bjoa, den lågaste del av born og unge. Aldersgruppa 0-18 år utgjer berre 20 prosent av innbyggjarane i bygda. Imsland har samstundes den høgaste prosentandelen av innbyggjartalet over 65 år (26 %).

Når det gjeld hushaldninga har Imsland den høgaste andelen par (66 %) i kommunen (snittet for kommunen er 58 %), medan andelen einslege er tilsvarande den lågaste (32 %, og gjennomsnittet for kommunen er 38 %). Særleg andelen par utan barn er høg (43 % i Imsland, 32 % er gjennomsnittet for kommunen).



Figur 18. Arealavgrensing for bygda Imsland.

Imsland har totalt 73 einebustader, tilsvarande 2,8 prosent av alle einebustader i kommunen. To av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. Dette utgjer 2,7 prosent av nye einebustader i Imsland og 1,8 prosent av alle nye einebustader i kommunen i same periode. Det er med andre ord låg byggjeaktivitet i bygda, dersom ein ser utviklinga i samanheng med folketalet. Ei av utfordringane i bygda er at kostnadene knytt til tilrettelegging og opparbeiding av tomter og infrastruktur er store, som følge av liten etterspurnad etter tomter.

I eksisterande reguleringsplanar ligg det ute éi ledig tomt for småhus i bygda, sjå Tabell 23. Det ligg og eit lite område med bustadareal i kommuneplanen, ved eksisterande busetnad vest for Imslandssjøen/Ølmedalsvatnet.

Imsland har lågast folketal i kommunen, men og er blant dei bygdene med lågast utbyggingstakt. Dette kan tenkast å skuldast låg etterspurnad, mellom anna på grunn av relativt store avstandar til ein del viktige service- og handelsfunksjonar, men og på grunn av lite tilgjengeleg bustadareal og store kostnader knytt til opparbeiding av infrastruktur. Det er vanskeleg å seie noko konkret om i kva grad tilrettelegging av nye bustadområde vil påverka attraktiviteten til bygda, eller i kva grad bygda vil veksa fram mot 2040. Dersom ein tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, ser ein at det vil vera behov for fleire bustadtomter enn det som er tilfelle i gjeldande

planar. Det er ikkje grunn til å tru at bygda vil veksa i same takt som til dømes Ølen og Skjold, og den låge etterspurnaden gjer at ein i staden for å leggja ut store nye bustadområde, bør sjå på andre verkemiddel for å sikra tilgjengeleg bustadareal. Dersom ein ynskjer å busetja seg i Imsland, er det ikkje nødvendigvis slik at ein vil bu i tette bustadfelt. Med referanse til kapittel 5, kan verkemiddel her tenkast å vere LNF-spreidd bustad eller husklynger.

Imsland							
PlanID	Namn	Status infrastruktur	Kommentar	Ledige tomter/bustad-einingar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
11601309	Detaljregulering for Hyttebø, del av gnr. 95 bnr. 2	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Planen inneholder to bustadtomter, som begge er bebrygd.
11600011	Skipavåg bustad	Eksisterande	Nesten alle vegar er etablert.	0	0	0	Planen inneholder to bustadtomter, som begge er bebrygd.
11608703	Haugarsund	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	1	0	1	Moglegvis 1 ledig tomt ved sjøen, men spørsmål om strandsonevern.
11609006	Ølmedal Bustad	Eksisterande	Veg og VA er utbygd.	6	0	6	Småhus. Størsteparten er utbygd.

Tabell 23. Gjennomgang av reguleringsplanar i Imsland.

#### 4.6.9 Vats

Vats hadde 1309 innbyggjarar per 31.12.2016, noko som utgjer 14,8 prosent av folketalet i kommunen. Når det gjeld aldersfordeling ligg Vats om lag på gjennomsnittet for kommunen, utan spesielt store utslag i nokon av aldersgruppene.

Også når det gjeld hushaldningar ligg Vats omrent på gjennomsnittet for kommunen, med om lag 35 prosent einslege og 60 prosent par.

Vats har totalt 341 einebustader, tilsvarande 13,2 prosent av alle einebustader i kommunen. 14 av desse er bygd i perioden 01.01.2015-01.03.2019. Dette utgjer 4,1 prosent av nye einebustader i Vats og 12,6 prosent av alle nye einebustader i kommunen i same periode. I tillegg til einebustadene, er det om lag 10 tomannsbustader i bygda, men og det høgaste talet på våningshus (210) i heile kommunen. Dette svarer til heile 21,1 prosent av våningshusa i Vindafjord. Utbyggingstakta i bygda dei siste fire åra er omrent som forventa, samanlikna med folketalet i prosent av innbyggjartalet i kommunen. At det berre vert bygd einebustader, kan tyde på at det er denne bustadtypen det er etterspurnad etter, noko som passar godt overeins med bygda si lokalisering i kommunen. Det kan tenkast at dei som ønskjer å busetja seg i Vats, gjer det fordi avstanden til Skjold og Ølen er relativt liten, samstundes som ein kan finna seg einebustad med tomt og nærleik til naturen.



Figur 19. Arealavgrensing for bygda Vats.

I gjeldande reguleringsplanar har Vats 46 ledige tomter for småhus, ca. 12 ledige bustadeiningar på område avsett til konsentrert småhus og 4 ledige bustadeiningar på areal avsett til lavblokk, sjå Tabell 24. Vats er den bygda i kommunen med flest vedtekne reguleringsplanar som inneholder bustader, og det er god variasjon både i lokalisering av bustadområda og bustadtypar. Det er i tillegg sett av fleire bustadområde i kommuneplanen, både på aust- og vestsida av Vatsfjorden, på Tinghaugen og ved Kårhusfeltet.

Vats er ei av bygdene med mest ledig bustadareal, og med størst variasjon i lokalisering og bustadtypar. Bygginga dei siste åra er omtrent i tråd med det som kan forventast basert på folketalet i bygda, men det er vanskeleg å seie korleis veksten fram mot 2040 kjem til å vera. Vats har fleire store verksemder som trekk til seg arbeidskraft og nye innbyggjarar, mellom anna AF Decom og Hatteland. Samstundes kan ei framtidig omlegging av E134 utanfor Knapphus få negative konsekvensar for næringsutvikling knytt til butikkar og bensinstasjon her, spesielt med omsyn til gjennomkjørende turistar. Dersom ein tek utgangspunkt i dagens prosentvise folketal i høve resten av kommunen, og nyttar det som eit forholdstal knytt opp mot folketalframskrivinga i heile kommunen mot 2040, ser ein at dei om lag 60 ledige bueiningane som er regulerte i dag, ikkje vil vera tilstrekkeleg fram mot 2040. Det ligg som nemnt bustadareal tilgjengeleg i kommuneplanen utanom desse regulerte tomtene, men ved fleire av desse er investeringskostnadane store knytt til infrastruktur og klargjering av tomter.

Vats							
PlanID	Namn	Status infrastruktur	Kommentar	Ledige tomter/bustadeiningar august 2018	Eigar - Vindafjord kommune	Eigar - privat	Status for tilrettelegging av tomter
11607309	Eit område på Eikanes	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Småhus. Noko uklart om det fins ledige tomter. Kanskje 1-2 ledige.
11609909	Utsikten	Eksisterande	Manglar framføring av internt vegsystem.	6	0	6	Eldre reguleringsplan som opnar for einebustader med snulomme, park og leikeplass.
11609104	Åmsosen, Nedre Vats	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Moglegvis plass til ein bustad til. Frittliggjande småhus.
11600303	Stokka	Ikkje etablert	Intern køyreveg ikkje etablert.	4	0	4	Frittliggjande småhus. Manglar intern køyreveg, og terrenghandsaming.
11608203	Tjelltveit/Stokka bustadfelt	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Alt utbygd.
11601204	Detaljregulering for Tinghaugen bustadområde	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	11	0	9	7 ledige tomter for frittliggjande bustader, og potensielt plass til 2-4 leilighetar i lavblokk.
11609704	Sørbøfelta	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	3	0	3	Frittliggjande småhus. Infrastruktur på plass, men 3 tomter er ledige.
11607706	Reguleringsplan for Kårhusfeltet	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	2	0	2	2 tomter ledig for frittliggjande småhus. Resten er frittliggjande småhus og konsentrerte småhus.
11609008	Vatne, Nedre Vats	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	1	0	1	Frittliggjande småhus. Kanskje plass til ein bustad til.
11601404	Detaljregulering for Knaphus 2 bustadområde	Ikkje etablert	Veg og GS-veg manglar.	29	0	29	Manglar tilkomstveg frå nabofelta. Ingen av tomene er bebrygd. 17 ledige tomter for einebustader, og to område for konsentrerte bustader med plass til +/- 12 bustadeiningar.
11608612	Knaphusgrenda	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd med einebustader.
11609208	Knaphus bustad	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	0	0	0	Fullt utbygd med einebustader.
11600802	Velde Tomtefelt	Eksisterande	Alt av vegar og VA er utbygd.	6	0	6	6 ledige einebustadtomter. Infrastrukturen er på plass.
				62			

Tabell 24. Gjennomgang av reguleringsplanar i Vats.

Vats har ikkje definert tettstad etter SSB sin definisjon. Område som peikar seg ut for bustadutbygging er likevel Knaphus og Kårhus. Knaphus er sentralt område ved E29, medan Kårhus har andre funksjonar knytt til aldersheim, skule, idrettsanlegg og kyrkje. Vats er og ei bygd der mange av bukvalitetane er knytt opp mot tilgang til friluftsområde, blågrøne strukturar og tomter som gir litt avstand til naboane. Det bør difor og leggjast opp til utvikling ved Vatsfjorden, i tilknyting til eksisterande busetnad. Spesielt på austsida av fjorden har ein moglegheit til å etablera attraktive tomter med utsikt og gode soltilhøve. Dette er avhengig av investeringar i vegnettet, som i dag ikkje er eigna for ein større auke i trafikk. Investeringane bør inkludera moglegheit for gang- og sykkelveg i området.

## 5 Verkemiddel for bustadbygging i område utanfor senter- og tettstadstrukturen

I dei fleste bygdene er det tilrådd å byggja vidare på eksisterande tettstadsstruktur i samband med framtidig bustadbygging, men det er også ei kjensgjerning at Vindafjord er ein kommune der moglegheita til å kunna bu utanfor byggefelt og tett på naturen, er ein viktig faktor for mange som velgjer å slå seg ned i kommunen. Kommunen har som mål leggja til rette for bygging og vekst i alle bygdene, men då trengs det bustadareal av ulik karakter for å nytta og forsterka dei kvalitetane som dei ulike bygdene byr på. Dei som ønskjer å bu i Imsland har ikkje nødvendigvis same ønskje knytt til bustadtype og lokalisering som dei som vil bu i Ølen eller Skjold.

Kommunen har i tidlegare kommuneplanar søkt å opna for ei meir spreidd bustadbygging i visse delar av bygdene, innanfor rammene av det husklynger og LNF spreidd opnar for i ein kommuneplan. Ein slik praksis har vist seg å møta motbør hos regionale styresmakter, mellom anna fordi det er sentralisering som er hovudmålet i arealpolitikken, og fordi ein ønskjer at bustadareal skal regulerast og konsekvensvurderast i detaljplanar. Vidare i dette kapitlet følgjer ein analyse av aktuelle verkemiddel og kriterium for å sikra busetnad utanfor senter- og tettstadstrukturen.

### 5.1 Nasjonale føringer for lokalisering av bustader og verkemiddel for spreidd busetnad

Når det gjeld lokalisering av bustader, er det frå nasjonalt hald ei rekke føringer kommunane må ta stilling til. Areal- og transportplanlegginga på overordna nivå knyt bustadbygginga opp mot mellom anna miljøspørsmål, og legg vekt på minst mogleg nedbygging av jordbruks- og naturområde, samt tilrettelegging for lågare reisebehov med fokus på korte avstandar og kollektivtransport. For å oppnå desse måla, er fortetting og bygging i tilknyting til eksisterande knutepunkt og tettstader trekt fram som den førande arealstrategien, men «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» seier og følgjande i punkt 4.3, siste avsnitt: «*I områder med lite utbyggingspress, og hvor lokale myndigheter vurderer det som nødvendig for å øke attraktiviteten for bosetting, kan det planlegges for et mer differensiert bosettingsmønster.*»

For å sikra godt nok vurderingsgrunnlag knytt til tilrettelegging for nye bustad- og tettstadsområde, vart samstundes krava til utgreiing av konsekvensar (KU) og risiko/sårbarheit (ROS) av ny arealbruk styrka i plan- og bygningslova av 2008. Det er krav om KU og ROS på kommuneplannivå for all ny arealbruk med rammer for utbygging, og som inneber endringar i høve til gjeldande planar, men det vert og stilt krav til detaljplanar for større utbyggingsområde.

Plan- og bygningslova opnar for bustadbygging i LNF-område, så framtid dei er avsett til underføremål «areal for spredt boligbebyggelse» (PBL §11-7 nr. 5, bokstav b), og oppfyller krava sett i §11-11 nr.2. Krava går ut på at spreidd bustadbygging kan tillata gjennom handsaming av enkeltvise søknader eller reguleringsplan, når «formålet, bebyggelsens omfang og lokalisering er nærmere angitt i arealplanen». I neste delkapittel vert denne formuleringa diskutert.

Det er ingen automatikk i at område som vert lagt ut til bustadføremål (§11-10 nr.1 i PBL 2008) må gjennom ein reguleringsplanprosess, og lokaliseringa er i utgangspunktet opp til kommunen, i tråd med kommunen sin eigen planstrategi. Soleis kan det leggjast ut husklynger i bygdene, med opning for bygging av nokre få bustadeiningar. Likevel ser ein ofte at regionale styresmakter grip inn, med bakgrunn i overordna arealstrategiar. I førre kommuneplanprosess vart mange av husklyngene i planen møtt med motsegn frå Fylkesmannen, først og fremst på grunn av lokaliseringa. I kva grad føremålet kan nyttast, og korleis, vert diskutert i avsnitt 5.3.

Eit alternativ til LNF-spreidd og husklynger er dispensasjonar frå arealføremål. Dispensasjonspraksisen har dei siste åra blitt stramma inn frå sentralt hald, då ein ønskjer at arealbruken skal avklarast på rett plannivå. Hovudføremålet LNF opnar berre for bygg og tiltak som er ein del av landbruksretta verksemد (stadbunden næring), og bustadbygging krev soleis dispensasjon eller planavklaring med endring av arealføremål på plankartet. Diskusjon kring dispensasjonspraksis kjem i avsnitt 5.4.

I det vidare vert dei tre verkemidla LNF-spreidd bustad, husklynger og dispensasjonar nærare gjort greie for. For kvart verkemiddel er det skissert fordelar og ulemper, samt forslag til kriterium som er relevante for val av det einskilde verkemiddel.

## 5.2 LNF – spreidde bustader

I plan- og bygningslova av 2008 er det eit underføremål til LNF som opnar for andre bygningar enn dei som vert nytta i primærnæring i LNF-området, utan at det er naudsnt med reguleringsplan eller dispensasjon i det enkelte tilfellet. Det er lagt til grunn at busetnaden innanfor underføremålet skal vera spreidd, og karakteren i området skal vera open snarare enn tettbygd. PBL §11-7 nr. 5b viser til §11-11 nr. 2, der innhaldet i underføremålet er nærmere presisert. Her er det krav om at *føremål, omfang og lokalisering* av busetnaden må avklarast i plan. Avklaring av omfang inneber føresegner som seier noko om tal på bustadeiningar, og spesielt viktig om det er tillate med nye einingar, og kor mange. Lokalisering inneber at kommunen må ta konkret stilling til kor områda skal vera.

Lokaliseringa skal gå fram av plankartet, og må vera så presis at både kommunestyret, fylkeskommunen og statlege mynde kan ta stilling til om den føreslegne arealbruken er i samsvar med kommunale og viktige nasjonale og regionale omsyn.

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT						
5. Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (LNFR)	(5000)					
LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdsliknytet næringssirkosmet basert på gården ressursgrunnlag	5100		CCFF99	204-255-153	20-0-40-0	
LNFR-areal for spreidt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse mv.	5200		CCFFCC	204-255-204	20-0-20-0	
Spreidt boligbebyggelse	5210					
Spreidt fritidsbebyggelse	5220					
Spreidt næringsbebyggelse	5230					


Figur 20. LNF-føremålet med underføremål, i samsvar med plan- og bygningslova av 2008.

Forarbeida til PBL 2008 seier følgjande om verknaden av å avsetja LNF-spreidd område (ot.prp nr.32 2007-2008): «*den oversiktsplanmessige siden av saken er avklart i kommuneplan, mens den detaljerte vurdering av det konkrete tiltaket på byggetomten i forhold til blant annet landbruk, naturvern, landskap, kulturvern, veg, vann og avløp må skje gjennom enkelsaksbehandlingen og bruk av lokaliseringskriteriene som er gitt i planen*

. Ein må difor søka for kvart enkelt bygjetiltak, men det er ikkje naudsnt med dispensasjonar i saker som ligg innanfor rammene sett av i arealplan.

Område avsett til LNF-spreidd bustad må altså vera konkret avsett i plankart med rett SOSI-kode, namn og nummer, og det må spesifiserast i føresegnene kva som er tillate innanfor areala (ref. § 4.3 i føresegnene til gjeldande kommuneplan). Typisk vil det vera fornuftig å setja ei grense på opp mot fem nye bustadeiningar innanfor kvart enkelt areal, og dette talet må justerast ved rullering av planen dersom områda er bygd ut. Krav til storleik, høgde, utomhusareal mm. kan og vera aktuelt, og desse må då heimlast i same føresegr som for bustadbygging elles, altså §11-9 nr. 5.

Vidare må all ny arealbruk som fastset rammer for framtidig utbygging, og som inneber endringar i høve til gjeldande planar, konsekvensutgreiast. Underføremålet LNF-spreidde bustader opnar potensielt for bustadbygging, noko hovudføremålet LNF ikkje gjer, og dermed må arealbruken konsekvensutgreiast (KU). I KU av slik arealbruk, er det spesielt viktig å diskutera momenta knytt til hovudføremålet LNF, og konsekvensar bustadbygging kan få for dette. Til dømes vil jordvern, naturmangfold og fragmentering av jordbruksareal vera aktuelle tema, men også området sin karakter som LNF-område med spreidde bustader etter utbygging, knytt opp mot oppleving og landskap. Det må elles takast omsyn til viktige KU-tema som kulturminne og kulturmiljø, landskapsverdiar, vegtilkomst mm. Det må koma fram i KU at kommunen har vurdert alternativ utforming og storleik, og føremålsgrensene bør avgrensast til dei tomter/areal som er aktuelle for utbygging.



Figur 21. Døme på korleis LNF-spreidde bustader, fritids- og næringsbygningiar kan visast på plankart. Kjelde: Multiconsult 2018

### Fordelar og ulemper med LNF-spreidd bustad

#### Fordelar:

- Verkemiddel som kan bidra til tilbakeflytting til heimeområde
- Attraktivt for distriktskommunar
- Bidreg til oppretthalding av spreidd busetnad i område med gardsdrift

#### Ulemper:

- Mangel på sosial og teknisk infrastruktur
- Utbygging av teknisk infrastruktur som vatn og avlaup har høge kostnader
- Kan gje miljø- og driftsmessige ulemper for landbruket

### Kriterium for bruk av LNF-spreidd bustad i kommuneplanen

- Vurdering av konsekvensar for hovudføremålet LNF, særleg for tema jordvern, naturmangfold og fragmentering av jordbruksareal
- Vurdering av konsekvensar for landskap/kulturlandskap og kulturminne
- Føresegner i kommuneplan (må seie noko om krav til bygging i LNF-område)

### 5.3 Husklynger


I tråd med plan- og bygningslova §11-7 nr. 1 og §11-10 nr. 1 har Vindafjord kommune i tidlegare kommuneplanar lagt inn nokre mindre område for bustadbygging i bygdene, og markert desse som husklynger (H i plankart). Område er knytt opp mot PBL §11-10 nr. 1, som opnar for at mindre utbyggingstiltak ikkje krev ytterlegare planlegging, dersom det er gitt føresegner om utbyggingsvolum og uteareal, og tilhøvet til transportnett og anna lovverk er teke i vare. I gjeldande kommuneplan for Vindafjord er det i § 1.4 føresegner for føremålet. Føresegnene seier at ein kan byggje minimum tre og maksimum fem nye bustadhus utan reguleringsplan, så langt fem kriterium er følgd opp. Det er sett krav om ein tomtedelingsplan og dokumentasjon av konsekvensar og teknisk infrastruktur, ROS-analyse og storleik og høgde på bygningar. Bygging kan ikkje vera i konflikt med landbruksdrift eller særlege naturtilhøve, og det er stilt krav til omsyn til kulturminne.



Figur 22. Eksempel på ei klynge av hus ved Svolland på Bjoa. Kjelde: maps.google.com

Det er altså ikkje krav til reguleringsplan i samband med husklyngene, men til gjengjeld må ei rekke moment dokumenterast. Kravet om at det må etablerast minimum tre og maksimalt fem nye bustadhus tilseier at ein ønskjer at området skal vera eit tilbod for folk som ikkje vil bu særst tett, samstundes som ein ikkje spreier busetnaden for mykje. Krava gjer og at ein kan skapa gode lokalmiljø der ein kjenner naboane godt.

Tanken bak husklyngene er at ein kan opna for bustadareal i bygdene, samstundes som tomtene ikkje vert for dyre å gjera byggeklare. Vidare er ein av grunnane til bruken av føremålet at ein kan få større tomter enn ein oftast får i regulerte byggefelt. Områda må framleis konsekvensutgreiast i kommuneplanen, og omsyn til landbruk, landskap, naturmangfold mm. må skildrast. Likevel kan det tenkjast at omsynet til LNF-område og heilskapen visuelt sett er eit anna enn i underføremålet LNF-spreidd.



Figur 23. Utforming av husklynge på Bjøa i gjeldande kommuneplan for Vindafjord (2017-2029).

Med utgangspunkt i det som ligg innanfor rammene i PBL knytt til husklynger, bør føremålet i utgangspunktet brukast i dei områda i bygdene der ein verken ser for seg svært spreidd busetnad, eller behov for større bustadfelt med krav om reguleringsplan. Husklynger opnar for bygging av eit lite tal bustader som har ei form for visuell samanheng, og fungerer difor godt som ein mellomting mellom dei konstruerte bustadfelta og tettstadsområda, og meir spreidd busetnad i LNF.

Ein konklusjon frå brukarundersøkinga for Vindafjord er mellom anna at prosessen med å skaffe seg husvere må vere enkel og ta kort tid. Dette favoriserer å etablera husklynger som verkemiddel for tilflytting, særleg i område der det er låg tilgong på regulerte tomter for bustadbygging.

### **Fordalar og ulemper med husklynger**

Fordalar:

- Ikkje plankrav, men noko meir omfattande enn ein vanleg byggesøknad, sidan det må leggast fram tomtedelingsplan før bygging av første hus
- Opnar opp for bustadareal i bygdene utan at tomtene vert for dyre
- Avklart i plankart, låg terskel for utbygging, unngår dispensasjon

Ulemper:

- Bør vere attraktive grønt-/friluftslivsområde i nærleiken, noko som er etterspurte i brukarundersøkinga
- Kostnader for tomtedelingsplan vert lagt på første utbyggjar. For ein privatperson som berre vil bygga ein bustad, vil dette opplevast som ein ulempe.

**Kriterium for husklynger i kommuneplanen**

- Føresegner i kommuneplanen, mellom anna krav om tomtedelingsplan der ein vurderer korvidt det er mogleg å etablera større tomter
- Maksimalt tal på hus (t.d. står det 3-5 småhus i gjeldande kommuneplan)

**5.4 Dispensasjonar**

Eit alternativ til LNF-spreidd og husklynger, er den alminnelege dispensasjonspraksisen. Det kan generelt sett søkast dispensasjon frå føremål og føresegnar i arealplanar, men moglegheita for å gjera dette må vurderast i den enkelte sak. I PBL §19-2 står det at «*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.*» Det skal altså berre gjevast dispensasjon dersom omsyna i arealføremålet eller føresegnene ikkje vert vesentleg tilsidesett og fordelane av ein dispensasjon er klart større enn ulempene. Dispensasjonsopninga er i utgangspunktet ganske snever, og generelt ønskjer statlege mynde ofte avklaring på plannivå heller enn gjennom dispensasjon. I vektlegginga av om det skal gjevast dispensasjon til bustadbygging i spreidde strøk, til dømes i LNF-område, ser ein ofte på tilhøvet til føringane som ligg i arealføremålet, og på eksisterande bygningsstruktur kontra ny.

I vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon i LNF, vil ein som utgangspunkt sjå på omsyna i føremålsføresegnsene i lova, som i dette tilfellet vil vera areal for naudsynt tiltak for landbruk og reindrift, og gardstilknytt næringsverksem basert på garden sitt ressursgrunnlag. I utgangspunktet kan ein tenkja seg at bustadbygging i eit slikt område i liten grad er i tråd med føremålet, og at omsynet bak føremålet er vesentleg sett til side. På ei anna side kan ein sei at bustadbygging ikkje treng å vera til hinder for bruken av landbruksområdet, avhengig av utforming og lokalisering. Det er nettopp vurderingane i kvar enkelt sak som ligg i dispensasjonstilgangen, noko som og gjer denne praksisen lite føreseieleg. Det kan tenkjast at det i enkelte tilfelle vil vera meir gunstig å søka dispensasjon frå kommuneplanen snarare enn å få eit område avsett til bustad eller LNF-spreidd næring, men generelt bør arealbruken avklarast i overordna plan. Dispensasjon bør vera unntaket snarare enn regelen, noko som og er tanken bak ordninga.

**Fordelar og ulemper med dispensasjonar**

Fordelar:

- Opnar for at kommunen kan gjere lokale tilpassingar i spesielle tilfelle
- Utbyggjar kan få den tomta ein ønskjer

Ulemper:

- Kommunen har mindre kontroll i høve overordna planlegging
- Dispensasjonspraksis kan vere eit demokratisk problem og kan gje grunnlag for forskjellshandsaming
- Husbyggjar/tomtekjøpar risikerer usikker og lang prosess med dispensasjonsøknad
- Dispensasjonar vert ikkje vist i kartet, noko som ikkje bidreg til transparente planprosessar

**Kriterium for dispensasjonar**

Kriteria her er delvis parallelle med kriteria for LNF-spreidd bustad.

- Vurdering av konsekvensar for hovudføremålet LNF, særleg for tema jordvern, naturmangfald og fragmentering av jordbruksareal
- Vurdering av konsekvensar for landskap/kulturlandskap og kulturmiljø

**5.5 Oppsummering av verkemiddel og kriterium**

Vindafjord er ein distriktskommune med definerte tettstader i fem av ni bygder. Gjennomgangen av ledig bustadareal syner at det er meir eller mindre ledige areal i alle bygder, og difor mogleg å byggja i alle bygder. Det vil vere vanskeleg å planleggja for lik utvikling i alle bygdene, og prioriteringar må gjerast. Slike prioriteringar vert påverka av mål sett av kommunen, men også av offentlege styresmakter som i større grad har fokus på sentrumsutvikling og fortetting. Ei tilråding i forhold til strategi for prioritering av vidare utbygging i bygdene, er å starta med å utnytta potensialet for utbygging i nærlieken av tettstadene. Dette kan til dømes vere innanfor ein radius av 20 km. Dette samsvarer og med ønske i brukarundersøkinga (sjå Figur 6, kapittel 3) med nærliek til offentleg tenester og friluftslivsområde.

Prioritering av utbygging nærmere tettstadene er og fornuftig med omsyn på transportplanlegging, og bidreg på den måten til berekraftsmål og grønt i planlegging. Eit spørsmål er kor vidt det er mogleg for kommunen å legge slike miljøprioriteringar i planlegginga.

Tabellane nedanfor oppsummerer verkemiddel og kriterium som er gått gjennom ovafor.

Verkemiddel	Fordelar	Ulemper
<b>LNF-spreidd bustad</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Verkemiddel som kan bidra til tilbakeflytting til heimeområde</li> <li>• Attraktivt for distriktskommunar</li> <li>• Bidreg til oppretthaldning av spreidd busetnad i område med gardsdrift</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mangel på sosial og teknisk infrastruktur</li> <li>• Utbyggig av teknisk infrastruktur som vatn og avløp har høge kostnader</li> <li>• Kan gje miljø- og driftsmessige ulemper for landbruket</li> </ul>
<b>Husklynger</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikke plankrav, men noko meir omfattande enn ein vanleg byggesøknad, siden det må leggast fram tomtedelingsplan før bygging av første hus</li> <li>• Opnar opp for bustadareal i bygdene utan at tomtene vert for dyre</li> <li>• Avklart i plankart, låg terskel for utbygging, unngår dispensasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bør vere attraktive grønt-/friluftslivsområde i nærlieken, noko som mellom anna er etterspurt i brukarundersøkinga</li> </ul>
<b>Dispensasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opnar for at kommunen kan gjøre lokale tilpassingar i spesielle tilfelle</li> <li>• Utbyggjar kan få den tomta ein ønsker</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen har mindre kontroll i høve overordna planlegging</li> <li>• Dispensasjonspraksis kan vere eit demokratisk problem og kan gje grunnlag for forskjellshandsaming</li> <li>• Husbyggjar/tomtekjøpar risikerer usikker og lang prosess med dispensasjonssøknad</li> <li>• Dispensasjonar vert ikkje vist i kartet, noko som ikkje bidreg til transparente planprosessar</li> </ul>

Tabell 25. Oppsummering av fordelar og ulemper av ulike verkemiddel.

Verkemiddel	Kriterium – Kva skal til for å få gjennomført tiltak?
LNF-spreidd bustad	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vurdering av konsekvensar for hovudføremålet LNF, særleg for tema jordvern, naturmangfold og fragmentering av jordbruksareal</li> <li>Vurdering av konsekvensar for landskap/kulturlandskap og kulturminne</li> <li>Føresegner i kommuneplan (må seie noko om retningslinjer for bygging i LNF-område)</li> </ul>
Husklynger	<ul style="list-style-type: none"> <li>Føresegner i kommuneplanen, mellom anna krav til tomteidelingsplan der ein vurderer korvidt det er mogleg å etablera større tomter</li> <li>Maksimalt tal på hus (t.d. 3-5 småhus i gjeldande kommuneplan)</li> </ul>
Dispensasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vurdering av konsekvensar for hovudføremålet LNF, særleg for tema jordvern, naturmangfold og fragmentering av jordbruksareal</li> <li>Vurdering av konsekvensar for landskap/kulturlandskap og kulturminne</li> </ul>

Tabell 26. Forslag til kriterium for ulike verkemiddel.

Viktigaste verkemiddel for Vindafjord er å få LNF-spreidd bustad og husklynger implementert i kommuneplanen. For å oppnå dette kan det argumentast med at (delar av) Vindafjord ikkje har utbyggingspress som tilseier at ein skal følgje hovudmålsetjingane i «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging». Planretningslinene, for å gjenta sitat i avsnitt 5.1, opnar for nett dette i punkt 4.3, siste avsnitt: «*I områder med lite utbyggingspress, og hvor lokale myndigheter vurderer det som nødvendig for å øke attraktiviteten for bosetting, kan det planlegges for et mer differensiert bosettingsmønster.*»

Vindafjord er ikkje den einaste kommunen med spreidd busetnad og ønskje om å sikra nokre bustader og i bygdene, men praksis frå sentralt hald knytt til slik arealbruk er ikkje alltid føreseileg. Dersom ein likevel legg vekt på få og gode areal, og grunngjev lokaliseringa med at dei er med på å styrkja bygdene, bør ein ha eit godt utgangspunkt for gjennomslag av planforslag. I bygder der ein ikkje har noko tydeleg bygdesentrums, eller eit sentrum med få tettstadsfunksjonar, bør ein vurdera å lokalisera bustader innanfor rimeleg avstand til sentrum, utan at dette tilseier at ein må bu i byggjefelt. Det viktigaste vil vera å dokumentera at områda er eigna til bygging utan vesentlege negative konsekvensar, samstundes som ein kan argumentera for at fleire innbyggjarar vil vera med på å styrka bygda og bygdesentrums.

## 6 Sentrumsanalyse Skjold

### 6.1 Innleiing og avgrensing av analyseområde

I arbeid med gjeldande kommuneplan kom det særleg fram at det var vanskeleg å få til ei god tettstadsutvikling, med tanke på lokalisering av sentrum og ulik næringsetablering i Skjold.

Kommunen har eit krav om utarbeiding av ein sentrumsanalyse av Skjold i samband med revisjon av kommuneplanen. Sentrumsanalysen skal innehalda historisk utvikling av sentrums- og næringsområde i Skjold, samt ei vurdering av framtidige behov for næring- og sentrumsområde og lokalisering av desse.

SSB sin definisjon av tettstadsområde inkluderer hussamlingar med minst 200 bustader (60-70 hus), der avstanden mellom husa ikkje overstig 50 meter. Det er tillate med skjønnsmessig avvik utover 50 meter mellom husa i område som ikkje skal, eller kan byggast på. Dette gjeld mellom anna parkar, idrettsanlegg, industriområde, eller naturlege hindringar som elver eller dyrkbare område.

Husklynger som naturleg hører med til tettstaden vert teke med inntil ein avstand på 400 meter frå tettstadskjernen (SSB, 2019). Kartet under viser avgrensning av tettstaden Skjold basert på SSB sin definisjon:



Figur 24. Avgrensing av tettstadsområde i Skjold. Kjelde: [www.kart.ssb.no](http://www.kart.ssb.no)

Kommunen har tidlegare føreslått sentrumsområde frå Isvik til Skjoldavik (2011), og Nygård/Vikanes (2017). Arealet i Skjoldavik er no avsett til blanda føremål bustad/næring for å kunna nytta eksisterande bygningar. Plassering av sentrum på Nygård/Vikanes var ikkje fylkesmannen og Statens vegvesen nøgd med, då Isvik etter deira skjønn må sjåast på som sentrum i Skjold. Ein har i analysen av sentrumsområdet valt å sjå på eit analyseområde som omfattar SSB si definisjon av sentrum, samt areal avsett til bustad/næring i regulerings-/kommuneplan, og areal som bind desse saman og som

det er naturleg å ha med i arbeidet. Dette vil seie at analysen inkluderer omtrent heile utsnittet som Figur 24 viser. Grensene er likevel ikkje absolutte, og er avhengige av funn og vurderingar.

## 6.2 Historisk utvikling og dagens situasjon

I samband med arbeidet med sentrumsanalysen ønskjer kommunen ein kort historisk gjennomgang som viser utviklinga i eksisterande sentrums-, nærings- og handelsområde, som eit grunnlag for vurdering av dagens situasjon og ønska framtidig utvikling.

### 6.2.1 Utvikling av eksisterande sentrumsområde

Generelt i kommunen har busetnaden vakse fram ved sjøen og langs vegar. Dette gjeld og for Skjold, sjå flyfoto frå 1960 i Figur 25. Sentrumsområdet strakk seg på denne tida frå busetnaden ved sjøen langs riksvegen i Skjoldavika, til kyrkja frå 1887 nordaust for dette. På denne tida var området i hovudsak prega av spreidd busetnad med gardsdrift som hovudgeskeift. Gardane låg spreidd langs riksvegen, og danna soleis ikkje grunnlag for eit tettstadsenter på same måte som ein kjenner i dag. Likevel kan området ved kyrkja, og daglegvarebutikken i Skjoldavik, seiast å vera det naturlege samlingspunktet.




Figur 25. Skjold i 1960. Kjelde: norgebilder.no

Fram mot 1980- og 90-talet vart det utarbeidd ein rekke reguleringsplanar som la grunnlaget for bygging av fleire bustadfelt, ny barne- og ungdomsskule og nærings- og industribygningars. På 1970-talet vart Isvik bustadfelt vest i tettstaden og Skjoldalid bustadfelt i nordaust, bygd ut. I same periode vart første byggetrinn på ny skule på Vikaneset fullført, då ungdomsskulen vart innført, og bensinstasjon vart etablert aust for kyrkja, langs riksvegen.

Vidare fram mot 2004 vart det bygd fleire bustader nord i tettstaden. Det vart vidare utvikla eit område med kommunale funksjonar som barnehage, skule, bu- og behandlingssenter og andre

sosiale tenester på Vikaneset. E134 vart lagt utanfor Skjoldavika, og i tunnell. I 1992 brann Skjold kyrkje ned, og vart erstatta med ei ny kyrkje i 1999. Frå skuleåret 2003/2004 har Skjold skule vore felles ungdomsskule for Skjold, Vats og Vik barneskular.

Utviklinga fram mot 2004 med næringsutbygging og bustader i Isvik, omlegging av E134 og utbygging av offentlege funksjonar på Vikaneset, gjorde at utfordringa med å definera eit tydeleg sentrum allereie den gongen kom på agendaen. Det tidlegare sentrumsområdet i aksen Skjold kyrkje og daglegvarebutikk i Skjoldavik vart svekka som følgje av utbygging av større bustadfelt og næringsbygningar i Isvik, samt omlegging av E134. Det kan soleis sjå ut som om sentrumsområdet anten var i ferd med å bli utvida og meir utsøydeleg, eller flytta til anten Isvik med ny daglegvarebutikk, kafé og næring, eller Vikanes med offentlege funksjonar.



Figur 26. Skjold i 2004. Kjelde: norgebilder.no

I perioden fram mot 2013 heldt utbygginga av bustader fram, i hovudsak konsentrert i nytt bustadområde like vest for kyrkja. Det vart i 2008 og bygd leilighetar oppå Kiwi-butikken i Isvik. I same periode vart det bygd fleire næringsbygningar i Isvik og langs den gamle riksvegen i Skjoldavika. Skjold Arena vart og bygd, og stod ferdig i 2010. Utstrekning av sentrumsområdet var framleis uklårt, men tendensen var at ein såg på området frå Isvik til Skjoldavik som sentrum. Dette viser og igjen i kommuneplanen frå 2011, der nettopp dette området var sett av til sentrumsføremål.



Figur 27. Skjold 2013. Kjelde: norgebilder.no

Frå 2013 og fram til i dag har Skjold gjennomgått ei større forandring, mellom anna på grunn av at E134 vart lagt om i 2015. Der ein tidlegare kørde forbi kyrkja, skuleområdet og bensinstasjon, vart vegen no lagt i tunnel under Vikaneset. Allereie før omlegginga var ferdig, vart den gamle daglegvarebutikken i Skjoldavika nedlagt. Det kan tenkast at auka konkurranse og omlegging av riksvegen på 1990-talet, er viktige faktorar for nedlegginga. Vidare vart det regulert eit større bustadfelt på Vikaneset. Feltet er i dag under utbygging, og vil føre til ein stor auke i tal på bustader i tettstaden Skjold. Ein tendens frå 2010 og seinare er samstundes at det har vorte bygd fleire fleirmannsbustader, i form av rekkehus, tomannsbustader og mindre leilighetsbygg. Dette gjeld og for det nye bustadfeltet på Vikaneset, der det er sett av fleire areal for slike bustadtypar.

Omlegginga av E134 i 2015 forsterka utfordringa med å definera sentrum. Tilkomst til og frå Vikaneset vert no anten via avkjørsle frå E134, 1 km mot vest, eller via gamle Skjoldavikvegen med bru over E134. Frå bustadområda vest for kyrkja vert tilkomst frå E134 ein lang omveg, noko som gjer at mykje av lokaltrafikken går på gamle Skjoldavikvegen. Samstundes vil dei nye bustadene på Vikaneset nyttja denne vegen for å koma seg til daglegvarebutikk i Isvik. Desse utfordringane ser ein og igjen i arbeidet med 2017-planen. Folkemøtet og grendeutvalet peika på Nygård/Vikanes som sentrum i Skjold. I høyringsforslaget vart det lagt inn eit areal med dette føremålet mellom drivhusa og skuleområdet (Nygård). Dette vart møtt med motsegn og arealet på sørsida av Skjoldavikvegen er teke ut. Vidare vart eit stort område på Beitaneset føreslått til sentrumsføremål, men og dette vart møtt med motsegn frå Fylkesmannen, fylkeskommunen og Statens vegvesen, og vart teke ut av planen. Samstundes vart det samanhengande sentrumsføremålet frå Isvik til Skjoldavik omgjort til kombinert område bustad/nærings, då butikken var nedlagt og ein ønskte å kunna nyttja eksisterande bygningar.



Figur 28. Skjold 2017. Kjelde: norgebilder.no

Utviklinga viser at sentrumsområdet over tid har gått frå å liggja ved sjøen langs Skjoldavikvegen, til Isvik, som følgje av bustad- og næringsutvikling. I seinare tid ser ein samstundes at Vikanes med offentlege funksjonar og ei rekke nye bustader, står sterkt i bygda. Regionale styresmakter peiker på Isvik som det naturlege sentrumsområde, men utfordringa då er korleis ein knyt Isvik saman med Vikaneset, slik at ein finn gode løysingar både for lokaltrafikk, gåande og syklande. Samstundes må Isvik og Vikaneset seiast å vera to forskjellige typar sentrumsområde, og eit nøkkelpunkt vil vera å definera kva funksjonar lokalsenteret i Skjold skal ha. I kommuneplanen for 2017 har ein følgjande definisjon av eit tettstadssenter; «Her kan det etablerast funksjonar som tener eigen tettstad/eige nærområde, men ikkje tilbod som vert vurdert å konkurrera med andre sentra.» (Vindafjord kommune, 2017, s. 34). Det vert soleis viktig å definera kva ein har i tettstaden Skjold i dag, og kva ein har behov for i framtida.

### 6.2.2 Nærings- og handelsutvikling

Fram til midten av 1960-talet var det gardsdrift som var den primære næringa i Skjold, men allereie i 1947 vart det opna daglegvarebutikk i Skjoldavik. Skjold sparebank har og heldt til i bygda frå ca. 1965, og gjekk inn som ein del av Haugesund sparebank i 1976. Vidare vart viktige lokale verksemder som blant anna Nonslid Bilservice (1965), Haakull og Ersland (1977) og Haraldseid rør etablert. E134 gjennom bygda har i lengre tid vore viktig også med tanke på næringsutviklinga, blant anna for Nonslid bilservice med bensinstasjon og verkstad, og etter kvart Frøken Fryd Kafè og Interiør.


Frå 1990-talet og 2000-talet av vart det bygd nye næringsbygningars i Isvik og Skjoldavik, som i dag husar mellom anna Kiwi, legesenter, kafè, ingeniørfirma, blomsterbutikk og frisørar mm. Brødrene Langeland Bakeri, no Haugli Bakeri, har og vore ein viktig aktør i bygda, som leverandør av bakevarer til butikkar og verksemder over heile regionen. Bakeriet i Skjold er no nedlagt. Elles er bygda kjent for ei rekke drivhus ved gamle E134, og ei rekke byggjefirma like nord for Isvik. Daglegvarebutikken som

opna i Skjoldavik i 1947, vart i 2014 lagt ned, mellom anna på grunn av omlegginga av E134 i tunnel, og konkurranse frå Kiwi i Isvik. Bygninga inneheld i dag treningsstudio.

I seinare tid har det vorte etablert ei rekke enkelmannsføretak og mindre verksemder innanfor svært ulike næringer, mellom anna handtverk, investering, sal av jaktutstyr og ingeniørtenester.


### 6.2.3 Næringsstype og arealbruk

Innanfor det definerte analyseområdet i Skjold er variasjonen i næringstypar stor, men det er samstundes tydeleg at ein har utfordringar med å definera sentrumsområde på grunn av spreidd lokalisering av verksemndene. Ei rekke av verksemndene er einmannsføretak eller har få tilsette, og desse har i hovudsak nærings- og kontorlokale i tilknyting til privat bustad. Slike verksemder er viktige gjennom at dei gjer det mogleg for folk å skapa arbeidsplassar der dei bur, men dei inngår i liten grad som ein del av eit levande sentrum.



Figur 29. Registrerte verksemder i tettstaden Skjold. Kjelde: Geodata Online.


Ser ein på kva område som har tettare konsentrasjon av handels- og næringsverksemder, er det tydeleg at områda rundt Isvik til Skjoldavika skil seg ut. Isvik vert av fylkesmannen sett på som det naturlege tettstadsenteret i Skjold. Området ligg like ved E134 og Skjoldafjorden, og har sånn sett ei sentral plassering. I Isvik finn ein mellom anna daglegvarebutikk, bank, kafé, legesenter og røyrleggjar mm. Ved å følga Skjoldavikvegen under E134 mot aust kjem ein til Skjoldavika, som er det historiske sentrumsområdet på staden. Daglegvarebutikken her er ikkje lenger i drift, men ein finn blant anna frisør og rekneskapsførar i området. Området er elles prega av eldre bygningsmasse tett på vegen, og til dels tomme nærings- og lagerlokale på sjøsida.



Figur 30. Bygningsfunksjonar i tettstaden Skjold. Bygningsdata er henta frå matrikkelen.

### 6.3 Bustader

I studieområdet i Skjold er det per 01.12.18 registrert 330 bustader. Kartet i Figur 31 viser korleis desse er fordelt mellom dei ulike delane av tettstaden. Den vestlege delen av tettstaden inneholder 60,3 prosent av bustadene i området, medan resten er fordelt mellom Skjoldavika med 6,1 prosent og Skjold aust med 33,6 prosent. Vegnettet i området gjer at dei som bur i den vestlege delen av tettstaden anten må køyra Skjoldavikvegen, eller via E134 til Nygård for så å ta av her for å koma seg til den austlege delen av Skjold, der skule, barnehage og idrettsfunksjonar ligg. Det same køyremønsteret gjeld dersom ein skal frå aust til vest. Som følgje av dette vert det mykje trafikk på Skjoldavikvegen, då dette er kortaste veg mellom skule- og idrettsområdet i aust og butikkar og andre servicefunksjonar i vest. Ein kan på mange måtar seie at tettstaden er delt i to bustadområde, der vektikomsten mellom desse er dårleg.




Figur 31. Fordeling av bustadar i Skjold. Kjelde: Geodata Online.

Medan størsteparten av bustadene i Skjold ligg i den vestlege delen av tettstaden, kan ein gjennom å sjå på utbyggingsmønsteret og vedtekne reguleringsplanar frå år 2000 og fram til i dag sjå ein tendens til at bygginga av nye bustader i hovudsak skjer i aust. Det kan vera mange grunnar til dette, men det er fleire areal i området som har peika seg ut som godt eigna til bustadfelt, mellom anna på Vikaneset. Figur 32 viser byggeår for alle typar bygningar i Skjold, og ein ser tydeleg at utbygginga på 1950-70-talet starta vest og nord i bygda, medan ein sidan år 2000 har bygd i sør og aust.

Størsteparten av bustadene i Skjold er einebustader, men andelen nye bustader som vert bygd som fleirmannsbustader er høgare enn alle dei bygdene i Vindafjord, med unntak av Ølen. Det totale talet på nye bustader i bygda har samstundes auka kraftig etter år 2000, i takt med utvikling i folketal, infrastruktur og ferdig regulerte bustadområde.


Ein gjennomgang av reguleringsplanar i heile kommunen, fordelt på bygdenivå, viser at det er om lag 150 regulerte tomter i bygda Skjold som det ikkje er bygd på. I sentrumsområdet er det ei rekke ledige tomter i området som er omfatta av ein eldre reguleringsplan for Isvik Hageby 2, medan det i Skjoldalid og Vikaneset er ledig over 75 tomter per 01.01.2019. Vikaneset er under stadig utbygging, og det er venta at dei fleste ledige tomtene vert bygd på dei neste åra. I Skjoldalid, som ligg nord i sentrumsområdet (Figur 34), er det i liten grad starta utbygging, noko som mellom anna skuldast mangl på ny tilkomstveg, og krav til ny overvassleidning og flaumsikring.



Figur 32. Byggeår for alle bygninga i Skjold. Kjelde: Geodata Online.

#### 6.4 Vegsystemet

Vegsystemet i Skjold er prega av E134, som deler tettstaden på tvers, og fleire stader fungerer som ein barriere mellom busetnaden i nord og sjøen i sør. Det er fleire stadar ein kan kryssa E134, men desse krysingane er ikkje i særleg grad tilrettelagt for gåande og syklande, og avgrensa krysingsmogleitarar gjer at desse vegstrekningane vert særskilt trafikkbelasta. Dette vert forsterka av at det ikkje er køyrbar veg mellom Isvik Hageby nord for Isvik, og nytt bustadfelt og skuleområde på Vikaneset. For å koma seg mellom desse områda må ein anten køyre E134 heilt til toplanskrysset aust for Vikaneset, eller nytta Skjoldavikvegen. Sistnemnte er smal, og har til tider svært stor trafikkmengde.




Figur 33. Trafikk- og vegsystem i Skjold. Kjelde: vegkart.no

## 6.5 Tilhøve til gjeldande kommuneplan

Ved å samanlikna kart over eksisterande næringsverksemder med områda avsett i kommuneplanen frå 2017, kan ein seie noko om kva for ledige areal som er tilgjengeleg for næringsutvikling, og kor desse ligg i høve til sentrumsstrukturen. Planstatus i tettstadsområdet i Skjold er prega av vidareføring av ei rekke eldre regulerings- og sentrumsplanar. I desse planane er det sett av store areal til bustad, som i stor grad og er bygd ut. Følgjande område avsett til næring eller sentrumsføremål i gjeldande kommuneplan (Figur 34):

- Næringsområde i vest der Haakull & Ersland og K. Frøyland eiendom held til, på om lag 18 dekar
- Næringsområde langs Vikevegen i nord der fleire byggfirma og møbelbutikk held til, på om lag 10 dekar
- Næringsområde på Nygård aust for idrettsanlegget på Vikaneset, på om lag 23 dekar
- Næringsområde ved austleg avkjørsle frå E134, på om lag 16 dekar
- Sentrumsføremål i Isvik og mot Skjoldavik, på om lag 57 dekar
- Sentrumsføremål på Nygård, på om lag 15 dekar
- Kombinert føremål bustad/næring i Skjoldavik, på om lag 11 dekar

Ein gjennomgang av bygningsmassen på desse områda viser at sjølv om det er avsett om lag 67 dekar næringsareal, 72 dekar sentrumsføremål og 11 dekar kombinertføremål, er det lite areal som er ledig sentralt i tettstaden. Det er her viktig å påpeika at begge næringsområda aust i tettstaden er ubebygde, men desse områda er ikkje eigna for næring som ein ønskjer i eit sentrumsområde. Innanfor arealet som er avsett til sentrumsføremål og kombinert føremål langs Skjoldavikvegen, er det ledig areal på sørssida av E134. Arealet ligg gunstig til med omsyn til utsikt mot sjø og nærliek til butikkar, kafé og legekontor, og eignar seg soleis godt til utvikling av næringsverksemder og funksjonar med publikumsretta karakter. Det vil vera positivt å utnytta eit område som er ein del av det historiske sentrum i bygda, men som nemnt tidlegare må det takast omsyn til trafikkutfordringane på Skjoldavikvegen.



Figur 34. Utsnitt av kommuneplanens arealdel 2017, Vindafjord kommune.

## 6.6 Framtidig utvikling

### 6.6.1 Kva er eit godt tettstadssenter?


Det er forska mykje på kva som er eit godt sentrum, og grep som fungerer ein stad fungerer ikkje nødvendigvis over alt. Det er likevel fleire faktorar som går igjen når det er snakk om å skapa gode sentrumsområde. Det er viktig å påpeika at Skjold skal vera ein tettstad for bygda, med funksjonar som tener eigen tettstad/eige nærområde. Det skal soleis ikkje etablerast tilbod som vert vurdert å konkurrera med andre sentra. Dette vil seie at det må finnast eit grunntilbod som gjer at ein kan få tak i det ein treng i det daglege lokalt, medan spesialbutikkar, tilbod og funksjonar som til dømes kino, legevakt mm må ein finna andre stader i kommunen.

Nedanfor er det lista opp nokre generelle faktorar for god tettstadsutvikling som går igjen i dei fleste tettstadsutviklingsprosjekt:

- *Korte avstandar og gode tilhøve for myke trafikantar*
- *Møteplassar og målpunkt som trekk til seg folk*
- *Framheving av stadeigne kvalitetar, som til dømes sjø og grøntstrukturar*
- *Framheving av lokal identitet, sær preg og atmosfære. Framheving av historiske bygningar og stader.*
- *Tryggleikskjensle og tilgang for alle*
- *Publikumsretta funksjonar på gateplan, og blanding av sentrumsfunksjonar i tettstadskjerna*

Det er ikkje alle av faktorane over som er like enkle å følgje opp i utvikling av bygdesentra, og spesielt avstanden mellom bustader og viktige funksjonar ein nyttar i det daglege, vert ofte større på bygda enn i større byar. Nettopp difor er strategisk lokalisering av tettstadsfunksjonar og bustader spesielt viktig i desse områda, mellom anna for å oppnå statlege strategiske mål om mindre bilkøyring og meir fysisk aktivitet, for å oppnå klima- og helsemål (Regjeringen, 2014).

Det er påpeika frå Vindafjord kommune si side at bygdesentra ikkje skal ha funksjonar som gjer at dei konkurrerer med kommunesentra og regionsentra, men snarare funksjonar som styrker staden lokalt, mellom anna med tilbod som folk bruker dagleg. Avstanden til sentrum frå bustadene skal likevel plasserast slik at ein i størst mogleg grad kan gå eller sykla. Hordaland fylkeskommune har laga ei prinsippskisse for sentrumsutstrekning, som på ein enkel måte illustrerer gang- og sykkelavstand frå sentrum, sjå Figur 35. Skissa er nytlig å ha i bakhovudet medan ein jobbar med sentrumsutvikling, og målet bør vera å forsøka å etablera nye bustader innanfor sykkelavstand. Samstundes må det påpeikast at dette ikkje utan vidare gjer at ein kan byggja bustader som er attraktive å kjøpa, då det ofte er avstand til nabobar, utsikt og nærleik til naturen som vert trekt frem som vesentleg for dei som ynskjer å busetja seg i til dømes Vindafjord.



Figur 35. Prinsippskisse for sentrumsutstrekning. Kjelde: (Hordaland fylkeskommune, 2014)


## 6.7 Behov for nye nærings- og sentrumsområde i Skjold

Ein har mange unge folk i Skjold, men og mange som pendlar ut av bygda for å arbeida. Generelt kan ein tenkja seg at born og unge i stor grad nyttar idrettsfasilitetane ved Skjold arena på ettermiddagstid, medan det på formiddagen er mest aktivitet knytt til barnehagen og skulen. Slik tettstaden er utforma no, må ein køyra Skjoldavikvegen dersom ein først skal handla, og så henta i barnehagen, eller omvendt. Dette gjer at trafikkmengda langs denne vegen er stor, samstundes som det er den einaste skikkelege gangtilkomsten mellom Vikaneset og Skjoldavik/Isvik. Sidan desse to områda er såpass forskjellige med omsyn til tilgjengelege funksjonar, kan ein vanskeleg sjå for seg at ein kan unngå trafikk mellom desse. I følgje SSB var trafikkmengda (ÅDT) om lag 900 i 2019 og 750 sommar 2019, målt mellom anna utan skuletrafikk.

Ei løysing der Skjoldavikvegen vert rusta opp slik at mjuke trafikantar vert prioritert, og der ein finn alternative køyrevegar frå Isvik til Vikaneset, bør prioriterast. Aktuell vegframføring kan då vera frå Vikevegen, via Hagebyvegen og inn på Skjoldavikvegen eller Prestagardsvegen.

Reguleringsplanarbeid knytt til ein slik avlastingsveg vert starta opp i 2020. På denne måten får ein sikra at mjuke trafikantar får bevega seg trygt mellom Skjoldavik og Vikaneset, og ein kan utforma området slik at ein legg opp til sentrumsfunksjonar som til dømes kafé/restaurant, og eventuelt kontor og leilighetar.

I utgangspunktet bør ein prøva å få til funksjonsblanding i sentrumsområde, mellom næring, tenesteyting og bustader. Det er likevel enkelte typar næring som er plasskrevjande, og som ikkje eignar seg til å vera lokalisert i sentrum på grunn av verksemda sin karakter. Dette gjeld mellom anna støyande verksemder, og næring som fører med seg mykje trafikk med store køyretøy, eller luktplager. Lokalisering av desse bør gjerast på eigne næringssområde, men målet bør likevel vera å minimere transportbehovet. Lokalisering bør soleis gjerast i tilknyting til E134, samt med minst mogleg avstand til sentrum og bustader. Samstundes må ein ikkje leggja nye næringssområde på stadar som eignar seg særskilt godt til bustadbygging, eller på område med viktige verdiar knytt til friluftsliv og naturmangfold. Nye næringssområde bør difor lokaliserast i eksisterande næringssområde, først og fremst i areala som ligg tett på E134. Dei mest gunstige areala for næringssutvikling finn ein i dei austlege delane av tettstaden Skjold, i tilknyting til drivhusa som ligg her. Noko av arealet er allereie sett av til næring i gjeldande kommuneplan (Figur 36).



Figur 36. Område som bør vurderast for plasskrevjande næring er markert med raud, stipla line.


## 6.8 Kva type næring og handel skal ein satsa på?

I sentrumsområdet i Skjold bør det satsast på publikumsretta funksjonar, samt kontorarbeidsplassar og helserelaterte tenester. Dette er næringar som passar godt inn i eit lokalsenter, og som kan vera med på å skapa liv på gateplan. Plasskrevjande næring bør ikkje etablerast i aksen Isvik – Vikaneset, då desse ofte fører med seg støy og auka trafikk. Det er difor føreslått at slike funksjonar bør etablerast i tilknyting til E134, utanfor tettstaden. På denne måten er avstanden til sentrum og infrastruktur kort, samstundes som ein unngår støyande og sjenerande næring i sentrum. Det må påpeikast at ein med plasskrevjande næring ikkje ser for seg tungindustri, men snarare verksemder som driv til dømes innan verkstad- eller handverkarbransjen.

## 6.9 Konklusjon – lokalisering av tettstadssenter og næringsområde

Med utgangspunkt i historisk utvikling, stadeigne kvalitetar knytt til sjø og korte avstandar til bustadområde, bør område i Skjoldavik – Isvik vurderast som framtidig sentrumsområde for bygdesenteret i Skjold. Dette føreset etablering av alternativ køyreveg til Skjoldavikvegen, mellom skuleområdet og bustadområdet på Vikaneset, og Isvik og bustadene i vest. Ei slik utvikling gjer at ein kan dyrka kvalitetane Skjoldavik har med kort avstand til sjø, samstundes som Skjoldavikvegen kan vidareutviklast som ei tettstadsgate med fokus på gåande og syklande, snarare enn køyrande. Området har stort potensiale knytt til etablering av publikumsretta funksjonar som kafe/restaurant, kontor og andre typar møteplassar, og utviklinga er allereie på gang gjennom etablering av treningscenter.

Gjennom å vidareutvikla området i Skjoldavika, kan ein oppfylla fleire av faktorane som er viktige for å skapa ein god tettstad, jf. kapittel 4.1. Ein får nytta dei stadeigne kvalitetane staden har, ein oppnår korte avstander til flest moglege bustader i tettstaden, ein utviklar eit område som er det historiske senteret på staden og ein kan gjera området trygt for gåande og syklande dersom ein klarer å avgrensa biltrafikken på Skjoldavikvegen. For å oppnå ei fornuftig funksjonsblanding, bør området setjast av til kombinert føremål bustad/forretning/kontor, eller sentrumsføremål i kommuneplanen. Vidare bør det vurderast å utarbeida ein områdeplan for sentrumsområdet, eller strategiar og målsettingar som ligg til grunn for privat reguleringsplanarbeid. Her bør ein fokusera på framkomst for gåande og syklande, og tilkomst til sjø, samt opne fasadar og funksjonar som er med på å skapa liv, og få lokale innbyggjarar til å villa nytta området.



Figur 37. Forslag til sentrumsutstrekning, og illustrasjon av gang- og sykkelavstand.

Når det gjeld utvikling av næringsområde i bygda Skjold, er det ein tydeleg trend dei siste åra at det vert registrert stadig fleire enkeltmannsføretak og mindre verksemder, som driv innanfor svært ulike marknader. I samband med tettstadsutviklinga vil det vera viktig å dyrka slike verksemder med lokal tilknyting, mellom anna gjennom å leggja til rette for sentrumsbusetnad med variasjon i funksjonar og storlek på lokale. Tilrettelegging for kontorlokale som kan nyttast av fleire ulike verksemder, eller som kan leigast på korte kontraktar, er døme på dette. Slike bygningar er med på å skapa liv på dagtid, og kan saman med andre typar verksemder som kafè, frisørar, helserelaterte verksemder og mindre nisjebutikkar, skapa eit levande bygdesentrums.

Det er samstundes viktig å halda på og leggja til rette for dei meir plasskrevjande næringane, som til dømes handtverkar- og byggewareverksemder, service- og verkstadverksemder og lager. Desse bør ikkje lokalisert i sentrum, men i tilknyting til E134 i nærleiken av sentrumsområdet. I kva grad det trengs store næringsområde med tilrettelegging for lager og liknande er vanskeleg å seie utan oversikt over etterspurnad og konkrete planar, men generelt bør det gjerast tilgjengeleg noko meir slikt areal i tilknyting til sentrum, for å opna for framtidig utvikling.

## 6.10 Spørjeundersøking for Skjold

I perioden juni-august 2019 (aktiv i 47 dagar) vart det sendt ut ei spørjeundersøking vedrørande ulike problemstillingar knytt til utviklinga av bygda Skjold. Undersøkinga tok opp hovudtemaa sentrum og sentrumsfunksjonar, møteplassar, kommunikasjon/transport, eigenart for bygda og næringsutvikling. For sentrumsanalysen er det interessant å sjå innspela frå spørjeundersøkinga i forhold til vurderingar gjort i analysen.

Totalt 213 respondentar fullførte undersøkinga, fordelt på 49 prosent kvinner og 51 prosent menn. Målgruppa for undersøkinga var dei som anten bur i Skjold, eller har tilknyting til bygda. Dette målet ser ut til å vera nådd da 91 prosent (n=194) av respondentane bur i Skjold, medan 9 prosent (n=19) bur utanfor bygda. Metodisk er samla tal på respondentar relativt få i forhold til folketalet i Skjold som har svart på undersøkinga, om lag 12 prosent. Det kan difor ikkje knyttaast statistisk signifikante tal til undersøkinga, og bruken av resultata er difor avgrensa til å gi nokre indikatorar på kva dei som har svart på undersøkinga meiner om aktuelle tema og spørsmål.


Ser ein på den geografiske spreiiinga av respondentane er 46 prosent (n=98) heimehøyrande i Isvik, 7,5 prosent (n=16) i Vikanes, 7,5 prosent (n=16) i Skjoldavik og resterande 39 prosent (n=83) «annan stad» i bygda. Aldersfordelinga syner at 62,9 prosent (n=134) av respondentane er i aldersgruppa 20-44 år, 30,1 prosent (n=64) i aldersgruppa 45-66 år, 4,2 prosent (n=9) i 67-79 år, 2,4 prosent (n=5) i 16-19 år og 0,4 prosent (n=1) i 13-15 år. Det er med andre ord eit stort fleirtal som representerer ei aldersgruppe som er i ein kombinert etableringsfase og tidleg fase med omsyn på arbeidsliv.

I det vidare vert dei einskilde tema og spørsmål gjennomgått kronologisk, med vekt på å få fram dei viktigaste resultata.

### 6.10.1 Om sentrum og sentrumsfunksjonar


Hovudbolken om sentrum og sentrumsfunksjonar inneholder spørsmål knytt til kor sentrum skal vera, i kva for geografisk retning sentrum bør utvikla seg, kva funksjonar som bør vera lokalisert i sentrum og om det trengs nye møteplassar i sentrum. Samla sett kan dette gje indikatorar på korleis folk oppfattar sentrum i Skjold i dag, og kva ein ser for seg i framtida.

Spørsmålet om kor sentrum i Skjold er og skal vera, går att i diskusjonar kring bygda Skjold. Undersøkinga prøver å fanga dette opp i spørsmåla «Kor meiner du sentrum er?» og «Kor meiner du sentrum bør vera i framtida?». Eit stort fleirtal på 94,8 prosent meiner sentrum i dag er i Isvik, 2,6 prosent på Vikanes, 1 prosent i Skjoldavika og 1,6 prosent annan stad, sjå Figur 38. Dette samsvarer med til dømes kor handels- og kafétilbodet i dag er. Resultatet kan og tolkast slik at område som mest utgjer skule og idrettsanlegg knytt til Vikanes ikkje vert oppfatta å ha sentrumskarakter.



Figur 38. Spørsmål: Kor meiner du sentrum er?

På spørsmålet om kor sentrum bør vera i framtida, svarer 84,5 prosent Isvik, 6,2 prosent Vikanes, 4,2 prosent Skjoldavika og 5,2 prosent annan stad, sjå Figur 39. Det er med andre ord noko mindre oppslutnad om Isvik i eit framtidsperspektiv, samstundes som skilnaden på svara berre utgjer 20 respondentar.



Figur 39. Spørsmål: Kor meiner du sentrum bør vera i framtida?

Under svaralternativet «annan stad» vert det i hovudsak peika på Isvik i retning mot Skjoldavik og Vikaneset. Det vert og peika på at det er lite rom for vekst for næring i Isvik grunna manglande tilgang på privateigde tomter. Ein annan kommenterer at sentrum bør vera der kor det er mogleg å utvida arealmessig, og at det i Isvik er mindre høve til dette.



Figur 40. Isvik vert peika på som noverande og framtidig sentrum i Skjold. Foto: Multiconsult

Respondentane vart vidare spurt om kva for geografisk retning Skjold bør utvikla seg. Her vart det opna for fritekstsvar, og ordskyen i Figur 41 indikerer retning vestover mot Tysvær og Haugesund, men også mot Skjoldavik og Vikaneset. Det er med andre ord ikkje eintydig bilete her.



Figur 41. Ordsky for spørsmålet: "I kva for geografisk retning meiner du bygda Skjold bør utvikla seg?"

Nye E134 har gitt konsekvensar for trafikktihøva i Skjold, der det mellom anna er utfordingar knytt til internvegar i sentrum utanom E134.




Figur 42. Nye E134 fører til auka biltrafikk i Skjoldavikvegen. Foto: Multiconsult

Spørsmålet om korleis ein opplever konsekvensane av nye E134 for trafikken i Skjold gir mange ulike svar. Nokre er fornøgde med tryggare skuleveg, medan andre framhevar at det er for mykje gjennomgangstrafikk i Skjoldavikvegen, og at avkjørsla til E134 er eit problem i Isvik. Svaralternativet her var open tekst, og ordskjen i Figur 43 speglar bredden i svara. «Skjoldavik» og «bra» er framheva, og synleggjer ulike oppfatningar av konsekvensane av nytt trafikkmønster.



Figur 43. Ordsky for spørsmålet: «Korleis opplever du konsekvensane av nye E134 for trafikken i Skjold?»

Eit sentrum vert og definert ut i frå kva for funsjonar som er lagt til sentrum. I undersøkinga vart hovudgruppene handel/forretning, helsetilbod, utestadar og kommunale tenester lagt inn som svaralternativ, i tillegg til «andre». Respondentane kunne kryssa av fleire svaralternativ, slik at samla svar går utover 100 prosent, sjå Figur 44.



*Figur 44. Spørsmål: Kva for funksjonar bør liggja i sentrum?*

96,2 prosent av respondentane har markert at handel/forretning er viktigaste funksjon, medan 83,8 prosent har kryssa av for helsetilbod, 71,4 prosent for utestadar, 53,5 prosent for kommunale tenester og 17,3 prosent andre. Nærleik til handel/forretning og helsetenester er med andre ord vurdert som viktige sentrumsfunksjonar i Skjold. Utestader kjem og høgt opp, og er eit moment inn mot Skjold som eit attraktivt plass å bu i. Kommunale tenester har lågast rangering, og er lokalisert på Vikaneset som er utanfor sentrum slik ein definerer det per i dag.

Møteplassar som butikk, kafè, idrettsarena, skule/barnehage og leikeplassar er viktige i eit lokalsamfunn. 56 prosent (n=98) av respondentane har svart at det trengs nye møteplassar i bygda, medan 39 prosent (n=68) har svart nei. Av dei som har svart ja, så er det 89 som har kome med konkrete innspel i ope svaralternativ. Variasjonen er stor, som ordskyen nedanfor indikerer.




Figur 45. Ordsky for spørsmålet om det trengs nye møteplassar i Skjold.

### 6.10.2 Om kommunikasjon/transport i Skjold

Trafikkforholda er som tidlegare nemnt ei utfordring i Skjold. Ei hovudproblemstilling er konsekvensane av nye E134 som mellom anna har gitt større gjennomgangstrafikk i Skjoldalivegen. Respondentane fekk spørsmål knytt til vurdering av transport mellom eigen bustad og handel, skule/barnehage og arbeidsplass i Skjold. Vurderingane skulle gjerast for bil og mjuke trafikantar. Det vart og spurt om kor trafikken bør gå mellom dei ulike «sentra» i Skjold, om trafikktryggleik og grøne korridorar/snarvegar internt og mot friluftsområde.


På spørsmålet om kommunikasjonsforhold mellom eigen bustad og handel svarer 89,7 prosent at denne er god/svært god for bil, medan berre 8 prosent svarer lite/svært lite god, sjå Figur 46. For mjuke trafikantar jamnar det seg noko meir ut med om lag 60 prosent som svarer god/svært god, med om lag 35 prosent som svarer lite/svært lite god.



Figur 46. Spørsmål: Korleis vurderer du kommunikasjonsforholda mellom eigen bustad og handel?


På spørsmålet om kommunikasjonsforholda mellom eigen bustad og skule/barnehage svarer 75,6 prosent god/svært god, medan 21,6 prosent svarer lite/svært lite god, sjå Figur 47. For mjuke

trafikantar er samla tal 54,4 prosent for god/svært god, og 20,6 prosent som svarer lite/svært lite god.



*Figur 47. Spørsmål: Korleis vurderer du kommunikasjonsforholda mellom eigen bustad og skule/barnehage?*

På spørsmålet om kommunikasjonsforholda mellom eigen bustad og arbeidsplass i Skjold svarer 67,9 prosent god/svært god, medan 8,1 prosent svarer lite/svært lite god, sjå Figur 48. For mjuke trafikantar er samla tal 39,9 prosent for god/svært god, og 30,7 prosent som svarer lite/svært lite god.



*Figur 48. Spørsmål: Korleis vurderer du kommunikasjonsforholda mellom eigen bustad og arbeidsplass i Skjold?*

Oppsummert vurderer eit fleirtal at kommunikasjonsforholda for bil og mjuke trafikantar er gode i Skjold.

På det opne spørsmålet om kor trafikken bør gå mellom dei ulike «sentra» i Skjold er det eit markert fleirtal som kommenterer at vegen gjennom Skjoldavik er det beste alternativet, sjå Figur 49.

Kommmentarar som kan trekkast fram er ønskje om utbetring av Skjolddalivegen og etablering av parkeringsplass for å kunne fjerne bilar som i dag står parkert langs vegen. Det er også ein del som peikar på at intern køyring bør kunne bruka E134.



Figur 49. Ordsky for spørsmålet om kor trafikken bør gå mellom dei ulike "sentra" i Skjold.

Fokus på Skjoldavik med omsyn på trafikk vert forsterka av spørsmålet om det er spesielle plassar i Skjold som har dårlig trafikktryggleik, sjå Figur 50. Skjoldavik er her og framheva spesielt som eit område som er problematisk med omsyn på trafikktryggleik. I tillegg vert det kommentert problematisk trafikktryggleik mellom anna i forhold til Isvik og Austreimsbygda.



Figur 50. Ordsky for spørsmålet om det er spesielle plassar som har dårlig trafikktryggleik.

I hovudbolken om kommunikasjon/transport, vart det til slutt spurt om det trengs grøne korridorar/snarvegar internt og mot friluftsområde. Her svarer 57 prosent (n=89) ja og 43 prosent (n=66) nei. Dei som har svart ja, har vidare kommentert kor det trengs grøne korridorar/snarvegar. Ordskyen i Figur 51 peikar på ulike trasear knytt til Vikaneset, Skjoldavik, Isvik og Hageby. Ein gjennomgang av det opne svaralternativet gjev eit meir utdjupande svar, men dette vert ikkje inkludert i denne rapporten.



Figur 51. Ordsky for spørsmålet om kor det trengs grøne korridorar/snarvegar.

Oppsummert for kommunikasjonsforholda i Skjold, så er det eit gjennomgåande trekk at undersøkinga stadfestar utfordringane knytt til gjennomgangstrafikken i Skjolddalivegen. Samstundes er kommunikasjonsforholda mellom bustad til handel, skule/barnehage og arbeidsplass i Skjold vurdert som overvegande gode.

### **6.10.3 Eigenart for bygda Skjold**

Temaet eigenart er både subjektivt og metodisk vanskeleg å handsame. Det vart difor i undersøkinga invitert til å koma med innspel i ope kommentarfelt om kva skjoldabuen er spesielt god på, og kva som manglar i Skjold. For spørsmålet om kva skjoldabuen er spesielt god på, så er stikkordet «dugnad» det som klart går att, if ordskyen i Figur 52.



Figur 52. Ordsky for spørsmålet om kva skjoldabuen er spesielt god på.

For spørsmålet om kva som manglar i bygda Skjold er kommentarane knytt til tema som fleire butikkar, større daglegvarebutikk, fritidstilbod, trafikkovergang ved barnehage/skulen, helsestasjon og apotek, park/aktivitetsområde i sentrum, eit avklart sentrum, felles sentrumsplan, betre buss- og drosjetilbod, utestadar, betre tilgang til strandsona som t.d. strandpromenade, mm.

Tilbakemeldingane tydar på eit stort lokalt engasjement for utviklinga i Skjold, noko som indikerer ressurssterke miljø som vil noko med bygda si.

#### 6.10.4 Om næring i Skjold

Det er 174 respondentar som har svart på om dei driv næring i Skjold i dag. Av desse er det 11,5 prosent (n=20) som driv næring i Skjold i dag, medan 88,5 prosent (n=154) ikkje gjer det. Det er såleis relativt få som i undersøkinga driv næringsverksemd i Skjold. Ordskyen i Figur 53 oppsummerer type næringsverksemd, og indikerer at landbruk er største næringssveg.



Figur 53. Ordsky for spørsmålet om type næringsverksemd i Skjold i dag.

Det vart vidare spurt om kor verksemder er lokalisert. Her svarer fire respondentar i eige husvere, 10 stk i næringslokale i Skjold og to stk annan stad. 11 stk svarer ja på om det er tilstrekkeleg areal til verksemda si i dag, medan tre svarer nei. Tilgang på areal kan vera kritisk for verksemder, til dømes om det trengs utviding for vidare eksistens. I undersøkinga svarer berre to stk ja på spørsmålet om ei eventuell arealutviding vil føra til at verksemda må flytta til ny plassering/nytt lokale. 12 svarer nei på dette spørsmålet.

Nettverk og samlokalisering er døme på verkemiddel for utvikling og drift av verksemder. Sju verksemder svarer at dei er med i eit lokalt nettverk for verksemder, medan sju svarer nei på dette spørsmålet. Vidare er det sju som svarer ja på spørsmålet om det vil vera aktuelt å samlokalisera med andre verksemder, til dømes i ein næringspark. Her svarer åtte nei på dette spørsmålet. I det opne kommentarfeltet til temaet «næring i Skjold» er det innspel på at det er mangel på industri-/næringsstomter og at kommunen generelt må vera støttande til etablering av næringsverksemd. Det er også ein som ønskjer å starte ein næringspark i Skjold.

Undersøkinga prøver og å fanga opp om det er planar om å starta næringsverksemd. Her svarer 9 ja, medan 143 svarer nei. Om dei som svarer ja på dette spørsmålet endar opp som næringsdrivande, så vil det vera ein vesentleg auke i forhold til dei 20 som svarte at dei i dag driv næringsverksemd i Skjold. Dei som har svart ja på dette spørsmålet kommenterer vidare kva for type verksemd som er aktuelt å starte opp med: Landbruksrelatert omsetnad/rådgjeving, fysioterapi, elektrobedrift, utleige av maskinar og utstyr, vinterlagring av caravan og båt, utleige av båtplassar, pub, eigedomsutvikling, tømring og forskaling og overtaking av næring. Ordskyen i Figur 54 oppsummerer innspela.



Figur 54. Ordsky for spørsmålet om ønske knyttet til start av type næringsverksemد.

Utvikling av næringsparkar er eit verkemiddel for å styrka lokalt næringsliv. På spørsmålet om det vil vera aktuelt å samlokalisera med andre verksemder, til dømes i ein næringspark, så svarer 27 stk ja, medan 53 svarer nei.

Oppsummert for tema næring, så syner undersøkinga at det er interesse for og vilje til å etablera ny næringsverksemد i Skjold. Innspelte næringstypar syner og god breidde og variasjon i type verksemder som er aktuelle å etablera.

#### 6.10.5 Avsluttande kommentar for spørjeundersøkinga

Ser ein spørjeundersøkinga i forhold til vurderingane gjort elles i sentrumsanalysen, jf avsnitta 6.7, 6.8 og 6.9, kan ein konkludera med at undersøkinga er godt i samsvar med analysen.

Problemstillingane er kjende, og skjoldabuen har i sine svar gitt mange gode innspel i skildringa av status i dag, men og konstruktive innspel som kommunen kan ta med seg i det vidare arbeidet med å styrka både Skjold og dei andre bygdene i Vindafjord kommune.

## 7 Kjelder

Hordaland fylkeskommune. (2014). *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel.* Bergen: Hordaland fylkeskommune.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningsloven).* 2008.

Multiconsult (2018). *Planeksemplar til nasjonal veileder om planlegging av spredt begyggelse i LNFR-områder. Oppdragsgjevar: Kommunal- og moderniseringsdepartementet.*

Regjeringen. Ot.pro. nr. 32 (2007-2008). *Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningsloven) (plandelen).* Oslo: Regjeringen

Regjeringen. (2014). *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.* Oslo: Regjeringen

SSB. (2019). *Digitale tettstedsgrenser.* Henta frå ssb.no:  
<https://www.ssb.no/a/kortnavn/beftett/digettgr.html>

Kartdata og statistikk er henta gjennom Geodata Online sine databasar, som er basert på data frå mellom anna:

- SSB
- Vegdirektoratet
- Kartverket
- Ambita AS
- Iper AS